

Herøy kommune

Innkalling

| | |
|------------------|---------------------------------|
| Utval: | Kommunestyret |
| Møtestad: | Herøy rådhus, kommunestyresalen |
| Dato: | 24.09.2020 |
| Tid: | Kl. 16:30 |

Gyldig forfall skal snarast meldast til politisk sekretariat på arkiv@heroy.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumentata er publiserte på www.innsyn.heroy.kommune.no.


Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | Arkivsaksnr. |
|----------------|--|---------------------|
| 111/20 | Godkjenning av innkalling og sakliste | 20/3019 |
| 112/20 | Godkjenning av protokoll | 20/3019 |
| 113/20 | Orienteringar | 20/3019 |
| 114/20 | Referatsaker | 20/3019 |
| 115/20 | Ungdata 2020, rapport | 20/2693 |
| 116/20 | Val av ungdomsråd 2020-2022 | 20/3092 |
| 117/20 | Budsjettkontroll per 31.07.2020 | 19/10230 |
| 118/20 | Budsjettregulering hausten 2020 | 19/10230 |
| 119/20 | Økonomisk avslutning av anleggsprosjekt 50170 - Delutbygging av industriområde Eggesbønes (Mowi) | 19/11202 |
| 120/20 | Godtgjersle til kommunale viltoppgåver | 20/2817 |
| 121/20 | Fellingsavgift på hjort frå og med jaktåret 2021/22 | 20/2817 |
| 122/20 | Lovlegheitskontroll av K-sak 104/20 | 20/3019 |
| 123/20 | Fosnavåg hamn - ny handsaming | 19/14613 |
| 124/20 | Sluttbehandling - Detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen | 19/10076 |
| 125/20 | Oppretting og val til felles forliksråd for Herøy, Sande og Vanylven kommune | 20/1584 |
| 126/20 | Søknad om fritak frå politiske verv - Geir Myksvoll Lande | 20/2637 |

| | | |
|--------|---|---------|
| 127/20 | Søknad om permisjon frå politiske verv - Maria Utseth Stave | 20/2837 |
| 128/20 | Søknad om fritak som meddomar til lagmannsretten - val av ny meddomar | 20/2595 |
| 129/20 | Søknad om fritak som meddomar til tingretten - val av ny meddomar | 20/2425 |
| 130/20 | Søknad om fritak som meddomar til tingretten - val av ny meddomar | 20/2579 |
| 131/20 | Val av ny skjønnsmedlem 2021-2024 | 20/1583 |

Fosnavåg, 16.09.2020

Bjørn-Halvor Prytz



Vår referanse: 20/3019 20/11299


Sakshandsamar: Lisbeth Moltu
Espeseth

Dato: 16.09.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 111/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Godkjenning av innkalling og sakliste



Vår referanse: 20/3019 20/10479

Sakshandsamar: Lisbeth Moltu
Espeseth

Dato: 31.08.2020


Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 112/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 27.08.2020



Vår referanse: 20/3019 20/11300


Sakshandsamar: Lisbeth Moltu
Espeseth

Dato: 16.09.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 113/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Orienteringar




Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 114/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Referatsaker

Underliggende sak:

| Saksnr. | Tittel |
|---------|---|
| 24/20 | Orientering om ruteendring med korrigeringsbrev |



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--|------------|
| 12/20 | Ungdomsrådet | 26.08.2020 |
| | Ungdomsrådet | |
| 38/20 | Utval for helse og omsorg | 09.09.2020 |
| 30/20 | Oppvekstutvalet | 10.09.2020 |
| 34/20 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 24.08.2020 |
| 109/20 | Kommunestyret | 27.08.2020 |
| 115/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Ungdata 2020, rapport

Samandrag:

Undersøkinga Ungdata vart gjennomført i Herøy vinteren 2020 ved Ytre Herøy ungdomsskule, Stokksund skule og Møre barne- og ungdomsskule. UngData er ei undersøkinga basert på spørjeskjema, som gir eit breitt bilde av korleis ungdom har det og kva dei driv med på fritida. 320 ungdomsskuleelevar (88%) deltok.

Oppvekstutvalet 10.09.2020:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

OU- 30/20 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande.

Utval for helse og omsorg 09.09.2020:

Behandling:

Utval for helse og omsorg kom med slik felles uttale:

Utval for helse og omsorg tar ung-data kartlegginga til vitande, og ber om at det førebyggjande aspektet vert prioritert i budsjettarbeidet for 2021 og økonomiplan 2021-2024.

UHO- 38/20 Vedtak:

Utval for helse og omsorg tar ung-data kartlegginga til vitande, og ber om at det førebyggjande aspektet vert prioritert i budsjettarbeidet for 2021 og økonomiplan 2021-2024.

Kommunestyret 27.08.2020:

Behandling:

Bjørn-Halvor Prytz (Ap) kom med utsetjingsframlegg.
Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

K- 109/20 Vedtak:

Saka vart utsatt.

Ungdomsrådet 26.08.2020:

Behandling:

Herøy ungdomsråd ønskjer å sjå nærare på ein del av tala når det nye rådet er på plass.

Saka vert utsett.

UNG- 12/20 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Utval for helse og omsorg - 09.09.2020 - 38/20

Utval for helse og omsorg tar ung-data kartlegginga til vitande, og ber om at det førebyggjande aspektet vert prioritert i budsjettarbeidet for 2021 og økonomiplan 2021-2024.

Vedtak som innstilling frå Oppvekstutvalet - 10.09.2020 - 30/20

Kommunestyret tek saka til vitande.

Vedlegg:

Herøy 2020 - Nøkkeltalsrapport (ungdomsskulen)

Herøy 2020 - Trendrapport (ungdomsskulen)

Saksopplysningar:

Ungdata er eit verktøy basert på spørjeskjema. Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved Høyskolen i Oslo og Akershus og sju regionale kompetansesenter innan rusfeltet (KoRus) står bak Ungdata.

Undersøkinga vert gjennomført i samarbeid med kommunen, som er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa. Data frå alle kommunar vert samla i den nasjonale Ungdatabasen. Databasen inneheld svar frå meir enn 300.000 ungdomar som har delteke i Ungdata sidan den første undersøkinga vart gjennomført i 2010.

Helsedirektoratet finansierer Ungdata, som er eit gratis tilbod til alle kommunar i Noreg.

Gjennomføring av Ungdata ligg inne i Herøy kommune sin tverrfaglege plan «Alle barn og unge skal ha gode og trygge oppvekstvilkår». Undersøkinga skal gjennomførast kvart 3.år, som eit verktøy for informasjon i det førebyggjande arbeidet. Første gjennomføring var i 2014, deretter 2017 og no vinteren 2020. Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for ungdomane å delta. Alle foreldre vert informert om undersøkinga i forkant, og kan melde frå til skulen om dei ikkje ønskjer at barnet deira skal delta.

Intensjonen med Ungdata er å kartlegge korleis ungdom har det, og kva dei driv med på fritida. Undersøkinga omfattar tema knytta til familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, vald og trakassering, regelbrot og deltaking i fritidsaktivitetar. Resultata må tolkast lokalt, og kan vere med å seie noko om kva område kommunen bør satse på framover for å vidareutvikle oppvekstmiljøet.

Spørjeskjemaet som vert brukt, er tilpassa elevar på ungdomstrinn og vidaregåande opplæring. Det vert utarbeidd separate rapportar, som kommunane får tilsendt. Herøy vidaregåande skule deltok ikkje i 2020.

Nokre funn i rapportane.

Rapportane er svært omfattande og må studerast og analyserast av den enkelte fagavdeling og i eit tverrfagleg samarbeid framover. Resultata i Herøy er sett opp slik at ein kan samanlikne med tidlegare resultat (2014 og 2017), samt med landet. Ein kan også få rapportar der ein kan samanlikne med andre kategoriar kommunar, som små kommunar (under 10.000) mellomstore (10-50.000) og store (over 50.000)

Det er svært mange spørsmål/funn i undersøkinga. I saksframstillinga vel vi i hovudsak å sjå på funna i Trendrapporten som viser utviklinga i Herøy sidan 2014, samt noko utdjuping frå Nøkkeltalsrapporten.

Dei fleste ungdommar i Herøy er godt nøgde med livet sitt. I dette ligg kjenslemessige aspekt, men også oppleving av meistring og det å kjenne seg nyttig.

Ikkje alle er nøgde med lokalmiljøet. Berre 70% av ungdomsskuleelevane svarar positivt på dette, og prosenten går ned til eldre dei blir. Berre 56% av jentene på 10.trinn er nøgde med lokalmiljøet. Men dette er likevel ikkje lavare enn snittet for landet. Det er likevel verdt å merke seg at berre 40% av ungdomane svarar ja på at dei kan tenkje seg å bu i kommunen når dei blir vaksne. Dette er ein nedgang frå 46% i 2017.

Men samtidig synest ein stor del av ungdomane at kulturtilbodet (idrett, fritidsklubb etc) er veldig bra, og tala for slike faktorar er vesentleg høgare enn for landet elles.

Ungdom brukar stadig meir tid til skjermaktivitetar. 76% av ungdomane brukar meir enn 3 timar pr dag framfor ein skjerm, utanom skuletid. Dette er ein auke frå 56% i 2014 og 69% i 2017. Samanlikna med tal for Noreg, brukar vesentleg fleire ungdomar i Herøy meir enn 4 timar pr dag på skjermaktivitetar.

Det er ei positiv utvikling når det gjeld vald og trakassering. I følgje KoRus sine analyser av tala, er det vesentleg mindre av dette i Herøy enn snittet for landet. Faktorane som inngår i analysen omfattar plaging, trugsmål og utestenging - fysisk og på nett.

Dei fleste (89%) likar seg godt på skulen. Dei opplever seg inkludert og at lærarane bryr seg om dei. Samtidig er der ein stor del som kjeder seg på skulen og nokre som også gruer seg til å gå på skulen.

Venner er viktige både på skule og fritid, og 98% svarar at dei har nokon å vere saman med i friminutta på skulen, og 92% har minst èin fortruleg ven. Ein ser ei endring på kva som er viktig for å oppnå status i vennemiljøet. Å vere god på skulen, å vere flink i idrett og å sjå bra ut har fått lavare status, medan å drikke seg full har fått auka status. Denne trenden ser ein igjen i andre deler av undersøkinga, der fleire svarar at dei har drukke så mykje at dei har kjent seg rusa. Det er også fleire som har brukt hasj eller marihuana - og endå fleire som har fått tilbod om dette. Tala er ikkje store, men trenden viser auke.

Dei fleste er fornøgde med eiga helse (68%), omtrent som i 2014 og 2017. Det er lite endring i dei fleste helse-relaterte tal frå 2017. Det er fortsatt mange ungdomar som kjenner på at dei slit og er triste, slik vi såg i 2017. Vi ser ei negativ utvikling i faktorane som måler bekymring, redsel, angst, nervøsitet og indre uro, der fleire melder at dei kjenner på dette.


Vurdering og konklusjon:

Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har også andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak. I tillegg er kontakt og dialog med ungdomane sjølve svært viktig, både for å avklare status og å finne gode tiltak for positiv utvikling.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både i den enkelte fagavdeling og i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2020 vere særleg nyttig.

Trond Arne Aglen
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Kommunalsjef



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 116/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Val av ungdomsråd 2020-2022

Samandrag:

Val av Herøy ungdomsråd 2020/2022

Kommunedirektøren si tilråding:

Som medlemmer og varamedlemmer til Herøy ungdomsråd 2020/2022 vert valde:

Saksopplysninger:

Barn og ungdom sin rett til deltaking og innflytelse er nedfelt både i FNs barnekonvensjon og i annen norsk lovgivning. Dei fleste kommuner jobber aktivt med å sikre reell innflytelse for barn og ungdom, gjennom ungdomsråd, barn og unges kommunestyre eller ungdommens fylkesting.

Kommunelova §5-12. Eldreråd, råd for menneske med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.


Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom. Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.

Rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Frode Hammerseth
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde B. Skinnes



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 142/20 | Formannskapet | 14.09.2020 |
| 117/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Budsjettkontroll per 31.07.2020

Samandrag:

Budsjettkontrollen per 31.07.2020 syner at usikkerheita er stor på mange plan. Det er budsjettert med rammekutt på 17,0 mill kr og bruk av dispfond på 14,65 mill kr. Slik det ser ut i dag vil meirforbruket i avdelingane (ink rammekutt) bli på minst 15,0 mill kr.

I saka står det også at ein på området skatt, ramme, finans og interne finanstransaksjonar kan få mindreutgifter/meirinntekter som på eit optimistisk anslag er på 5,0 mill kr.

Om dette blir resultatet må rekneskapen for 2020 bli gjort opp med bruk av dispfond på nær 25,0 mill kr. Dette er betre tal enn på budsjettkontrollen 30.04.2020, men ein voner framleis at tala kan vise seg å bli mindre dårlege enn skissert over.

Formannskapet 14.09.2020:

Behandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte i saka.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

F- 142/20 Vedtak:

Budsjettkontrollen vert teken til vitande (orientering).

Kommunedirektøren si tilråding:

Budsjettkontrollen vert teken til vitande (orientering).

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 14.09.2020 - 142/20

Budsjettkontrollen vert teken til vitande (orientering).

Vedlegg:

Avd kommentarar juli 2020

Saksopplysningar:

I budsjett 2020 har ein sett seg dei same måla som tidlegare år.

Det er

1. Netto driftsresultat skal vere på minimum 1,75% av driftsinntektene
2. Driftsfondet skal vere på 10% av driftsinntektene ved utgangen av året
3. Eigendel investeringar skal vere på 20%

Vi er inne i ei særst utfordrande tid og utfordringane framover vil bli store. Dette vil vi sjå på mange plan som t.d. sysselsetjing, økonomi osb.

Dei økonomiske utfordringane er størst innan sektor for Helse og Omsorg.

Denne saka er meint som ei brei orientering over det vi veit per i dag.

Vi startar med denne tabellen:

| Konto | Konto | Rekneskap per 31.07.20 | Rev.budsjett per 31.07.20 | Avvik i kr |
|-------|--|------------------------------|------------------------------|--------------------|
| 13 | Servicetorget | 1 400 259 | 1 726 557 | 326 298 |
| 14 | Dokumentsenter og politisk sekretariat | 1 463 616 | 1 619 478 | 155 861 |
| 15 | Økonomiavdeling | 2 605 806 | 2 821 976 | 216 170 |
| 16 | Personal- og organisasjonsavdelinga | 5 574 620 | 5 325 145 | -249 475 |
| 60 | Eigedomsavdelinga | 10 439 249 | 11 503 239 | 1 063 991 |
| | SUM STAB | 21 483 550 | 22 996 395 | 1 512 845 |
| 21 | Barnehagar | 52 112 223 | 50 268 744 | -1 843 479 |
| 22 | Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m. | 62 245 438 | 66 982 162 | 4 736 723 |
| | SUM OPPVEKST | 114 357 661 | 117 250 906 | 2 893 244 |
| 30 | Helse og omsorg leiing | 756 804 | 749 342 | -7 461 |
| 31 | Barn, familie og helseavdelinga | 38 234 941 | 35 380 614 | -2 854 327 |
| 32 | Pleie- og omsorgsavdelinga | 68 565 951 | 62 706 632 | -5 859 320 |
| 33 | Bu- og habiliteringsavdelinga | 24 461 540 | 22 655 019 | -1 806 521 |
| 35 | Tenestekoordinerings | 5 179 540 | 5 483 730 | 304 189 |
| | SUM HELSE OG OMSORG | 137 198 776 | 126 975 337 | -10 223 440 |
| 40 | Kulturavdelinga | 4 949 088 | 5 759 031 | 809 943 |

| | | | | |
|-----------|--------------------------------------|-------------------------|------------------------|----------------------|
| 50 | Utviklingsavdelinga | 3 642 244 | 3 632 240 | -10 004 |
| 51 | Anleggs- og driftsavdelinga | 5 214 521 | 6 158 062 | 943 541 |
| 55 | Brannvern og feiing | 5 287 455 | 4 871 961 | -415 494 |
| | SUM SAMFUNNSUTVIKLING | 19 093 308 | 20 421 294 | 1 327 986 |
| | | | | |
| 10 | Folkevalde | 2 858 178 | 2 292 665 | -565 513 |
| 12 | Administrativ leing | 1 032 194 | 1 023 684 | -8 510 |
| 17 | Informasjonsteknologi | 8 790 741 | 9 078 791 | 288 049 |
| 18 | Overføringar | 7 842 812 | 9 773 348 | 1 930 536 |
| | SUM ANDRE OMRÅDER | 20 523 925 | 22 168 488 | 1 644 562 |
| | | | | |
| 90 | Skatt, ramme, finans, tilskot | -357 177 814 | -347 234 308 | 9 943 506 |
| | | | | |
| | SUM TOTALT PER 31.07.20 | -44 520 594 | -37 421 888 | 7 098 703 |

Denne tabellen syner at situasjonen ikkje ser håplaus ut, men vi har fått mange tilskott knytt til Koronaepidemien som er øyremerka og som vi enno ikkje har byrja å bruke. Om lag 4,2 mill kr gjeld ulike vedlikehaldstilskott og om lag 0,4 mill gjeld flomvern. I tillegg har vi betalt mindre rentekostnadar knytt til lån enn det vi har periodisert i budsjettet per 31.07.20.

Korte kommentarar frå sektorane:

Sektor STAB

Innan stab så kan økonomiavdelinga få ei utfordring med å dekke inn heile rammeinnsparinga avdelinga har fått tildelt på kr 500.000,- i og med at statleggjinga av skatteoppkrevjinga er utsett frå 1 juni til 1 november. Staten har løyvd i overkant av 0,7 mill kr til å dekke meirkostnadane vi har med å forlenge tenesta frå 1 juni til 1 november.

Når det gjeld servicetorget, dokumentsenter/politisk sekretariat har dei rapportert om diverse utfordringar knytt til periodiseringa av budsjettet men at det ser ut til at dei skal klare å halde budsjetttrammene sine – kanskje til og med med ein positiv margin, trass i at dokumentsenteret har eit rammeinnsparingskrav på 1,5 mill kr.

Personal- og organisasjonsavdelinga har ansvaret for lærlingane og har oversett ei endring frå 01.01.2020 der det no skal bereknast pensjonskostnadar for lærlingar som er verdiskapande (dvs etter år 1 i læretida). Dette kan utgjere opp til kr 350.000,- i meirkostnadar inkludert arbeidsgjevaravgifta av pensjonen.

Når det gjeld eigedomsavdelinga så melder dei at dei er i rute totalt sett. Men men her endrar ting seg stadig og det er viktig at avdelinga prioriterer budsjettkontrollarbeidet.

Prognose: Ser ein sektoren samla under eitt vil den kunne klare innsparingskravet på 2,0 mill kr i 2020 og gå i balanse i høve budsjettet. Forutsetnadane er at ikkje nye tiltak kjem til og at eigedomsavdelinga har kontroll på årets drifts og leverer det

dei skal på økonomiområdet.

Sektor OPPVEKST

Barnehageavdelinga har eit meirforbruk på nær 1,7 mill kr. Dette skuldast i hovudsak kjøp frå andre (private) og redusert foreldrebetaling (korona).

Utfordringane den komande perioden er at mange barn har store hjelpebehov og kostnadane med dette er enno ikkje kjent.

Prognosen Eit usikkert punkt il bli vikarutgiftene resten av året i samband med forkjøling/testing Korona og karantene. Målet er å levere eit resultat som samsvarar med budsjettet.

I avdelingane for Grunnskule, Kvalifiseringssenteret, Kulturskule, PPT er utgiftene lavare og inntektene høgare enn på same tid i 2019. Ein del læremiddel er ikkje kjøpt inn og inntekter knytt til refusjonar og statstilskott er høgare enn budsjettert. På grunna av samfunnssituasjonen er det med vikar og vikarbruk det som vil bli utfordringa framover

Prognose: Mindreforbruket per 31.07.2020 er om lag 4,7 mill kr. Slik det ser ut per no, og når ein har tatt omsyn til ein del kjente faktorar, vil avdelinga få eit mindreforbruk på om lag 1,0 mill kr.

Sektor HELSE OG OMSORG

Helse og omsorg adm. vil gå i balanse eller med eit lite mindreforbruk.

Innan avdelinga for Barn, familie og Helse har hatt store utfordringar og meirkostnadar knytt til korona. Dette gjeld bl.a. fast løn legar, fast løn legevakt (til 30 sept), konstituert smittevernoverlege og hjelpepersonell legevakt.

Ein ser også eit meirforbruk i sosialhjelpsutbetalingane sett i høve til budsjettet. Sjølv nær ein inkluderer sosialhjelpsbudsjettet til flyktning som i dag ligg i oppvekstavdelinga vil det gå mot eit meirforbruk på om lag 2,0 mill kr. Dvs om lag same kostnadar som i 2019 og vesentleg lågare enn utbetalingane i 2018.

Prognose: Inklusive rammekuttet på om lag 1,6 mill kr vil avdelinga sitt meirforbruk i 2020 nærme seg 5,5 mill kr.

Pleie og omsorgsavdelinga har eit estimert meirforbruk på om lag 3,5% per rapporteringsdato. Ekstrakostnadar Korona utgjør om lag kr 740.000,- per dato. Det er press på tenestene og ein har mange ressurskrevjande brukarar over 67 år som treng 1:1 bemanning delar av døgnnet. Demens- og alderspsykiatrisk team brukar om lag 0,2 årsverk meir enn budsjettert for å kunne gje eit forsvarleg tilbod.

Prognose: Inklusiv rammekutt på 4,3 mill kr voner ein at meirforbruket blir totalt 4,5 mill kr.

Bu og habiliteringsavdelinga meldte i budsjettarbeidet, både i 2019 og 2020, om driftsbehov som ikkje har budsjettmidlar på grunn av auke i lovpålagde tenester utan at det var økonomisk rom for oppbudsjettering i budsjettvedtaket.

Prognose: Eit meirforbruk på om lag 2,2 mill kr inkludert rammekuttet på 1,75 mill kr.

Innan avdeling for Tenestekoordinerer er det per dato eit mindreforbruk løn med bakgrunn i sjukefråvær der vi ikkje har leigt inn vikar, i store delar av 2020. I tillegg har vi innsparing med frikjøp av avdelingsleiar i 20% stilling til sjustjerna. Hatt ein del meirutgifter knytt til Korona og i tillegg vert tryggleiksalarmane fulldigitaliserte i løpet av året, noko som aukar lisenskostnadane med kr 300.000,- på årsbasis.

Prognose: Balanse, med tanke på innsparingskravet på 220,000 som er fordelt til dette ansvaret.

For sektoren samla ligg det per i dag an til eit meirforbruk i høve budsjett på om lag 12,5 mill kr. Dette er ein reuksjon i høve til rapporteringa per 30.04.00 på om lag 3,5 mill kr. Dersom Koronatiltak resten av 2020 er på same nivå som i dag vil meirforbruket fort kunne auke med ein million eller to.

Sektor SANFUNNSUTVIKLING

Kultuavdelinga er vel den avdelinga som har møtt dei største hindera i høve Koronapandemien i og med at aktiviteten på konserthuset har vore lav dette året. Også kinodrifta er hardt ramma av koronatiltaka bl.a. knytt til at talet per plassar per forestilling er redusert. Totalt sett kan det utgjere om lag 0,6 mill kr i år i meirforbruk/mindreinntekter.

Prognose: Grunna sein oppstart av UFO er det grunn til å tru at avdelinga vil få eit mindreforbruk på om lag 0,3 mill kr i 2020.

Utviklingsavdelinga har fått tildelt heile rammekuttet til avd for Samfunnsutvikling på 3,0 mill kr.

Prognosa er at dei klarer å spare inn 0,5 mill kr av dette slik at meirforbruket blir 2,5 mill kr.

Landbruksavdelinga vil om lag gå i balanse og i og med at utgiftene der vert fordelt på 3 kommunar vil uansett ei innsparing på t.d. 0,1 mill kr ha den store betydninga for økonomien.

Anleggs- og driftsavdelinga melder at dei stort sett er i rute når budsjettet er periodisert rett. Budsjettet for veglys vil få eit meirforbruk på 0,4 mill kr og dette blir dekt opp ved redusert vegvedlikehaldsbudsjett på 0,4 mill kr.

Prognose: Slik det ser ut i dag vil det bli om lag samsvar mellom rekneskap og

budsjett for dette ansvarsområdet i 2020.

Avd for Brannvern og feiing har per i dag eit prognostisert meirforbruk på om lag 0,4 mill kr

Prognose: Ein voner på balanse mellom rekneskap og budsjett i 2020 forutsett at ein får refundert budsjetterte inntekter frå Vanylven kommune.

Andre OMRÅDER

Innan politisk leiing er det prosessen kring utlysing og tilsetjing av ny kommunedirektør som skaper den største ubalanse mellom rekneskap og budsjett. Det vart ikkje løyvd midlar til rekrutteringsprosessen i budsjett 2020 og så langt er det bokført utgifter på om lag 0,23 mill kr. I tillegg har ein utgiftsført Koronakostnadar med om lag 0,1 mill kr og kostnadar til kommunekompasset på nær 0,2 mill kr. Tek ein med meirutgifter knytt til møtegodtgjerdslar, direkte overføring av politiske møtet og leige av lokaler til møteavvikling med meir så får ei prognose her som tyder på eit meirforbruk på om lag 0,9 mill kr.

Innan administrativ leiing er det heller ikkje dei store avvika per dato. Slik situasjonen er per i dag kan ein få meirkostnadar her knytt til at to rådmenn/kommunedirektørar fekk si løn frå dette ansvaret i august. Held dette fram ut året vil ein kunne få eit samla meirforbruk her på om lag 0,8 mill kr.

Informasjonsteknologi. Herøy kommune har ikkje lenger tilsette på dette området og størstedelen av kostnadane her gjeld overføring til Søre Sunnmøre IKT. Ein kan ikkje sjå at vi får negative avvik på dette området i år. Det einaste usikre punktet er at kommunen vil få om lag kr 150.000,- i ekstra utgifter knytt til Korona og nye heimekontorløyisingar.

På overføringsansvaret har vi plassert ein del av dei samarbeidstenestene vi er ein del av som til dømes Vest kontroll, Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, KS, OU, Overgrepsmottak, Krisesenter, Interkommunalt arkiv, Sunnmørsbadet, Destinasjon Ålesund og Sunnmøre osv. Slik det ser ut i dag vil det ikkje bli vesentlege budsjettavvik på dette området.

SKATT, RAMMETILSKOTT, FINANS, PENSJON etc

I tillegg til dei store avdelingane innan Helse og omsorg er det nok her vil vi sjå dei største økonomiske utslaga i 2020. Koronapandemien har gjort store utslag på bl.a. arbeidsløysa og finansmarknadane så langt.

Våre renteinntekter vil bli nær kr 0,- på ordinære bankinnskott etter at pandemien starta. Med ei NIBOR rente på om lag 0,2% vil vi kunne misse minst 1,1 mill kr i inntekter her i 2020 sett i høve til budsjettet.

Kommunen har også budsjettert med 6,3 mill kr i aksjeutbytte frå Tussa i 2020. Styret i selskapet har bestemt at vi får utbetalt totalt 0,8 mill kr meir enn budsjettert.

Når det gjeld renteutgiftene er dei fleste låna våre knytt opp mot ulike bindingstider. Alt frå 6 mnd rentebinding til nær 5 års rentebinding. Slik det er no skal 110 mill kr refinansierast i september 2020 og 80 mill kr i august 2020 (då planlegg ein også å gjere låneopptaket for 2020 på 81,76 mill kr). Resten av våre lån (eks vidareutlåna) skal refinansierast i perioden 2021 til november 2024). Maksimalt vil vi kunne få redusert våre renteutgifter med om lag 2,8 mill kr i 2020 sett i høve til budsjettet. For å illustrere rentesvingingane kan vi nemne at lånet vi refinansierte 26 februar 2020 hadde ei rente på 1,85% (6 mnd rentebinding) medan ein fredag 8 mai fekk refinansiert lån til under 0,5% rente med 1 års rentebinding.

Når det gjeld Aktiv forvaltning budsjetterte vi med eit overskot på om lag 4,0 mill kr. Dei siste tala vi har per i dag er per 31 juli. Berre i første kvartal hadde vi hatt ein verdireduksjon på aksje og obligasjonsporteføljen vår på nær 9% (6,7 mill kr). Per 31 juli er verdireduksjonen redusert til 2,2%. Dersom ein vert liggande på dagens nivå ut året vil ein kunne få ei mindreinntekt her på om lag 6,0 mill kr.

Når det gjeld kommunen sine skatteinntekter har vi ikkje sett dei store utslaga hittil i 2020. Vi har budsjettert med totale skatteinntekter på 299,7 mill kr og vi trur inntektene vil passere 290,0 mill kr. PGA a v lavare skattevekst nasjonalt enn rekna med i statsbudsjettet vil våre frie inntekter (skatt og rammetilskott) bli redusert med om lag 5,0 mill kr sjølv om vi oppnår skatteinntekter som budsjettert. Vert skatteinntektene berre 290,0 mill kr vil dei frie inntektene bli om lag 9,0 mill lavare enn budsejttert. Ein del av dette kan kompenseras med ulike korona tilskott, men av dei om lag 15,6 mill vi har fått utbetalt er minimum 6,7 mill kr øyremerka til vedlikehald, redusert foreldrebetaling og flomvern.

Prognose: Vanskeleg. Men gitt at vi har litt hell med skatteinngang, utviklinga på Oslo bør, 4% redusert arb avgift i termin 3 etc vil vi kunne få meirinntekter/mindreutgifter her på mellom 3,0 og 6,0 mill kr.

FOR UTFYLLANDE KOMMENTARAR – SJÅ VEDLAGTE RAPPORTERING FRÅ AVDELINGANE !

Tal på kommunenivå per 31.07.2020 er slik:

| Konto | Rekneskap | Rev.budsjett | Avvik i kr |
|--|----------------|--------------|---------------|
| Lønn inkl.sosiale utgifter | 264 032 049 | 259 275 405 | -4 756 644 |
| Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen | 44 127 612 | 45 837 597 | 1 709 984 |
| Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo | 75 440 277 | 66 747 952 | -8 692 325 |
| Overføringer til andre | 20 184 501 | 10 881 033 | -9 303 468 |
| Finansieringsutgifter | 6 483 001 | 11 186 137 | 4 703 |

| | | | |
|----------------------------|-------------------------|---------------------|------------------------|
| | | | 136 |
| Utgifter | 410 267 440 | 393 928 123 | -16 339 317 |
| Lønn inkl.sosiale utgifter | -14 244 511 | -696 642 | 13 547 869 |
| Salsinntekter | -40 926 861 | -46 457 563 | -5 530 702 |
| Refusjonar | -13 267 343 | -11 749 536 | 1 517 807 |
| Overføringer fra andre | -374 259 786 | -361 118 317 | 13 141 469 |
| Finansieringsinntekter | -12 088 838 | -11 327 952 | 760 885 |
| Inntekter | -454 787 339 | -431 350 011 | 23 437 328 |
| Mindreforbruk | -44 519 899 | -37 421 888 | 7 098 011 |

Ser ein løn og refusjon sjukelønna samla har ein ikkje meirforbruk på dette området per 31.07.20 på om lag 8,8 mill kr. Gitt at vikarbruken ikkje aukar framover vil det positive avviket her auke fram mot 31.12.20. Herøy kommune har budsjettert med ein årslønsvikst på om lag 3,15% i 2020. Det blir spennande å sjå kor stort lønstillegget for 2020 faktisk blir når ein veit at tillegget i frontfaga vart på 1,7%.

«Meirforbruket» ser ein spesielt på konto Overføringer til andre. Grunnen til dette er i 1 rekke at det er her kravet til rammeinnsparingar er budsjettert. I tillegg har vi eit stort meirforbruk på kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon. Dette skulast bl.a. innleige av firma til å utføre bl.a. BPA tenestene. Salsinntektene er vesentleg lavare enn budsjettert. Dette skulast mist to ting. Det eine er reduserte inntekter sfo/barnehage/kulturskule i samband med koronanedstenginga samt at vi ligg på etterskot med ein del av inntektene bl.a. knytt til brukarbetaling opphald institusjon.

Meirkostnadar/Meirinntekter KORONA

Totalt har vi utgiftsført på spesifikasjon nær 4,8 mill kr i ekstra utgifter som følge av innførte Koronatiltak. Det aller meste er knytt til Legetenesta (3,3 mill kr) samt til pleie- og omsorg (0,22 mill kr), grunnskuleavd (0,42 mill kr), eigeidomsavdelinga 0,37 mill kr og tenestekoordinering (0,25 mill kr). I tillegg kjem vikarutgifter i PO (nær 0,77 mill kr) og Buhab (om lag 0,33 mill kr). Utanom legetenesta skuldast utgiftene smitteførebygging, ekstra reinhald, personell i karantene (innleige av vikarar). Mest sannsynleg er meirkostnadane endå høgare då mange etter kvart «gløymer» og føre på ein spesifikasjon i fakturakonteringa).

I tillegg til dette vil vi måtte refundere SSIKT om lag kr 150.000,- i utgifter dei har hatt knytt til ovannemnde avdelingar samt heimekontorløysingar.

På inntektssida har vi eit inntektstap knytt til barnehage, SFO og kultur på om lag kr 850.000,-. Om lag kr 430.000,- av dette får vi refundert frå staten (sjå punktet

om tiltakspakkar under).

Per i dag ser ein ikkje dei store innsparingane i kommunesektoren som følge av koronatiltaka i og med at kommunesektoren ikkje har permitert tilsette.

TILTAKSPAKKAR KORONA

Det har hittil kome 2 tiltakspakkar der kommunane er tilgodesett med midlar til fleire ulike tiltak. I oversikta under ser vi på tiltaka:

1. Herøy kommune har fått kr 1.576.000,- for å dekke inntektsbortfallet i SFO og barnehagar frå 13 mars til 13 april. I sine utrekningar til kvar kommune har staten brukt delkostnadsnøkkelen for barnehagar for å berekninga medan ein for SFO har brukt delkostnadsnøkkelen for grunnskulen. Sånn cirka reknar ein med at 30% gjeld SFO og 70% gjeld barnehage. Tilskottet gjeld både offentlege og private tilbod så når kommunen har dekt opp krava frå dei private barnehagane om lag kr 1.145.000,-) vil tilskottet kommunen sit igjen med om lag kr 430.000,- av desse midlane medan våre tapte inntekter i denne perioden utgjør om lag kr 780.000,-. Det vil seie at kommunen taper om lag kr 350.000,- her.
2. Herøy kommune vil få kr 6.325.000,- av ei total løyving på 3,75 mrd kr for å dekke inn bla. Skattesvikten som kommunesektoren vil oppleve den næraste tida. Om dette er nok veit ein sjølv sagt ikkje enno. Her er tilskottet fordelt ut etter kostnadsindeksen i utgiftsutjamninga. I praksis vil det seie at Herøy kommune får om lag 100,1% av landsgjennomsnittet. Ein tek med andre ord ikkje omsyn til at Herøy kommune er ei forholdsvis skattesterk kommune. Denne utbetalinga fekk vi i april.
3. Herøy kommune har fått tildelt 4,2 mill kr som skal brukast til å styrke sysselsetjinga innan bygg- og anleggsbransjen gjennom nye vedlikehaldstiltak ein ikkje har budsjettet utført i 2020.
4. Vi har motteke 0,42 mill kr til flomvern etter søknad.

I tillegg har Fylkesmannen fått ekstra skjønnsmidlar på 19,766 mill kr som er fordelt ut til kommunane i fylket. Fylkesmannen har brukt folketalet som utgangspunkt for si fordeling noko som gjer at Herøy kommune får om kr 663.244,- ekstra på rammetilskottet i mai.

Arbeidsgjevaravgifta for termin 3 (mai og juni) vart resusert med 4,0% noko som representerer ein mindrekostnad for Herøy kommune sin del på ca 3,1 mill kr.

Frå Fylkesmannein i Møre og Romsdal har vi i tillegg fått vel 2,0 mill kr i øyremerka midlar til styrking av næringsfondet.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune kan risikere mindreinntekter/meirugifter knytt til finans (ink Aktiv forvaltning) på om lag 3,5 mill kr i 2020.

Innan drifta ser vi store utfordringar knytt til:

- Avdeling for Barn, Familie og helse – spesielt knytt til Korona (legetenesta), sosialhjelpsutbetalingane framover samt rammeinnsparing

- Pleie og omsorgsavdelinga knytt til Korona og manglande inndecking av rammeinnsparinga på 4,3 mill kr
- Bu- og habiliteringsavdelinga knytt til korona, ressurskrevjande brukarar og rammeinnsparinga. som trur dei ender med eit meirforbruk i høve til budsjettet på 6,0 mill kr inkl rammeinnsparingskravet på om lag 1,7 mill kr
- Rammeinnsparingane innan samfunnsutvikling på 3,0 mill kr.
- Sannsynlege meirkostnadar knytt til politisk og administrativ leiing.

Samla sett har sektorane varsla eit meirforbruk på mellom 13,0 og 15,0 mill kr utan at staten kompenserer ytterlegare for meirkostnadane i samband med Korona. Dette er likevel ein reduksjon sett i høve til rapporteringa 30.04 (då var det mellom 21,5 og 25,0 mill kr). Det kan vere at situasjonen vert noko klarare for den einskilde avdeling ved seinare rapporteringar etter at ein har hatt sak om budsjettkorrigerings opp til politisk handsaming i september.

Så har sakshandsamar trua på at område 90 (skatt, ramme, finans, pensjon, interne finanstransaksjonar etc kan gje oss meirinntekter/mindreutgifter på mellom 3,0 og 6,0 mill kr sett i høve til dagens budsjett.

Andre viktige faktorar som vil bli avgjerande for kommuneøkonomien framover er bl.a.:

- Sysselsetjinga
- Utbetalingar av sosialhjelp
- Utviklinga på børsen
- Lønsutviklinga
- Skatteinngongen på landsbasis
- Korona/Covid 19

Uansett så vil 2020 vere det økonomisk mest utfordrande året vi har sett på lange tider. Det meste er usikkert og ukjent men også spennande.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Kan ikkje sjå at dette punktet er aktuelt her.

Konsekvensar for folkehelsa:

Ein kvar driftsmessig reduksjon i drifta kan føre til at folkehelsa på sikt blir påverka i negativ lei.

Miljøkonsekvensar:

Kan ikkje sjå at dette punktet er aktuelt her.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen har gjennom fleire år bygd opp eit brukbart disposisjonfond, men ein stor del av dette vil gå tapt om prognosene i denne saka viser seg å stemme.

Beredskapsmessige konsekvensar:


Kan ikkje sjå at dette punktet er aktuelt her.

Konsekvensar for barn og unge:

Ein kvar driftsmessig reduksjon i drifta kan føre til att tilbodet til barn og unge vert dårlegare enn det det er i dag.

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen
Saksbehandlartittel



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 143/20 | Formannskapet | 14.09.2020 |
| 118/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Budsjettregulering hausten 2020

Samandrag:

Herøy kommune nyttar no høvet til å gjere nokre budsjettendringar. Mesteparten av desse endringane er knytt til Koronapandemien, men vi regulerer også i høve til utviklinga i finansmarknaden.

Veldig mykje av vår drift med omsyn til Korona er usikker og ein vel difor å avvente eventuelle budsettendringar knytt til oppdekking av meirkostnadar i våre driftsavdelingar.

Formannskapet 14.09.2020:

Behandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte i saka.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

F- 143/20 Vedtak:

Basert på saksutgreiing rår kommunedirektøren til slike budsjettendringar:

| Tiltak | Konto | Namn komto | Ansvar | Funksjon | Opp/ned | Sum |
|--------|-------|------------------------------|--------|----------|---------|--------------|
| 1 | 18101 | Øyremarka statstilskott | 1285 | 325 | opp | 2 018 000 |
| | 14700 | Betaling til andre | 1285 | 325 | opp | 2 018 000 |
| 2 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 430 000 |
| | 12301 | Kjøp av vedlikehaldstenester | 5122 | 332 | opp | 430 000 |
| 3 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 1 576 000 |
| | 16000 | Brukarbetaling | 2121 | 202 | ned | 1 576 000 |

| | | | | | | |
|----|-------|-------------------------------------|------|-----|-----|--------------|
| 4 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 934 000 |
| | 18700 | Skatteinntekter | 9013 | 800 | ned | 934 000 |
| 5 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 7 778 000 |
| | 19400 | Bruk av disp fond | 9017 | 880 | ned | 7 778 000 |
| 6 | 18000 | Rammetilskott | 9017 | 840 | opp | 472 000 |
| | 13701 | Tilskott til legar etc | 3131 | 241 | opp | 472 000 |
| 7 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 50 000 |
| | 13700 | Kjøp frå andre | 3121 | 232 | opp | 50 000 |
| 8 | 15000 | Renteutgifter | 9011 | 870 | ned | 2 800 000 |
| | 19000 | Renteinntekter | 9011 | 870 | ned | 900 000 |
| | 18100 | Statstilskott | 9011 | 870 | ned | 500 000 |
| | 19090 | Renteinntekt finansielle instrument | 9012 | 870 | ned | 1 400 000 |
| 9 | 19050 | Aksjeutbytte | 9011 | 870 | opp | 800 000 |
| | 19400 | Bruk av disp fond | 9017 | 840 | ned | 800 000 |
| 10 | 14700 | Overføring til andre | 2273 | 281 | ned | 1 300 000 |
| | 14700 | Overføring til andre | 3811 | 281 | opp | 1 300 000 |

Kommunedirektøren si tilråding:

Basert på saksutgreiing rår kommunedirektøren til slike budsjettendringar:

| Tiltak | Konto | Namn komto | Ansvar | Funksjon | Opp/ned | Sum |
|--------|-------|------------------------------|--------|----------|---------|--------------|
| 1 | 18101 | Øyremarka statstilskott | 1285 | 325 | opp | 2 018 000 |
| | 14700 | Betaling til andre | 1285 | 325 | opp | 2 018 000 |
| 2 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 430 000 |
| | 12301 | Kjøp av vedlikehaldstenester | 5122 | 332 | opp | 430 000 |
| 3 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 1 576 000 |

| | | | | | | |
|----|-------|-------------------------------------|------|-----|-----|--------------|
| | 16000 | Brukarbetaling | 2121 | 202 | ned | 1 576 000 |
| 4 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 934 000 |
| | 18700 | Skatteinntekter | 9013 | 800 | ned | 934 000 |
| 5 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 7 778 000 |
| | 19400 | Bruk av disp fond | 9017 | 880 | ned | 7 778 000 |
| 6 | 18000 | Rammetilskott | 9017 | 840 | opp | 472 000 |
| | 13701 | Tilskott til legar etc | 3131 | 241 | opp | 472 000 |
| 7 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 50 000 |
| | 13700 | Kjøp frå andre | 3121 | 232 | opp | 50 000 |
| 8 | 15000 | Renteutgifter | 9011 | 870 | ned | 2 800 000 |
| | 19000 | Renteinntekter | 9011 | 870 | ned | 900 000 |
| | 18100 | Statstilskott | 9011 | 870 | ned | 500 000 |
| | 19090 | Renteinntekt finansielle instrument | 9012 | 870 | ned | 1 400 000 |
| 9 | 19050 | Aksjeutbytte | 9011 | 870 | opp | 800 000 |
| | 19400 | Bruk av disp fond | 9017 | 840 | ned | 800 000 |
| 10 | 14700 | Overføring til andre | 2273 | 281 | ned | 1 300 000 |
| | 14700 | Overføring til andre | 3811 | 281 | opp | 1 300 000 |

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 14.09.2020 - 143/20

Basert på saksutgreiing rår kommunedirektøren til slike budsjettendringar:

| Tiltak | Konto | Namn komto | Ansvar | Funksjon | Opp/ned | Sum |
|--------|-------|------------------------------|--------|----------|---------|--------------|
| 1 | 18101 | Øyremarka statstilskott | 1285 | 325 | opp | 2 018 000 |
| | 14700 | Betaling til andre | 1285 | 325 | opp | 2 018 000 |
| 2 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 430 000 |
| | 12301 | Kjøp av vedlikehaldstenester | 5122 | 332 | opp | 430 |

| | | | | | | |
|----|-------|-------------------------------------|------|-----|-----|--------------|
| | | | | | | 000 |
| 3 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 1 576 000 |
| | 16000 | Brukarbetaling | 2121 | 202 | ned | 1 576 000 |
| 4 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 934 000 |
| | 18700 | Skatteinntekter | 9013 | 800 | ned | 934 000 |
| 5 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 7 778 000 |
| | 19400 | Bruk av disp fond | 9017 | 880 | ned | 7 778 000 |
| 6 | 18000 | Rammetilskott | 9017 | 840 | opp | 472 000 |
| | 13701 | Tilskott til legar etc | 3131 | 241 | opp | 472 000 |
| 7 | 18000 | Rammetilskott | 9013 | 840 | opp | 50 000 |
| | 13700 | Kjøp frå andre | 3121 | 232 | opp | 50 000 |
| 8 | 15000 | Renteutgifter | 9011 | 870 | ned | 2 800 000 |
| | 19000 | Renteinntekter | 9011 | 870 | ned | 900 000 |
| | 18100 | Statstilskott | 9011 | 870 | ned | 500 000 |
| | 19090 | Renteinntekt finansielle instrument | 9012 | 870 | ned | 1 400 000 |
| 9 | 19050 | Aksjeutbytte | 9011 | 870 | opp | 800 000 |
| | 19400 | Bruk av disp fond | 9017 | 840 | ned | 800 000 |
| 10 | 14700 | Overføring til andre | 2273 | 281 | ned | 1 300 000 |
| | 14700 | Overføring til andre | 3811 | 281 | opp | 1 300 000 |

Saksopplysningar:

Kommunen sitt økonomireglement gir føringer for når ein skal gjere budsjettendringsvedtak i politiske fora. For dei største avdelingane er det når dei reelle inntektene vert 5% over dei budsjetterte og for dei minste avdelingane er det ein sett ei avgrensing til at slik endring skal skje når dei reelle inntentene vert meir enn kr 100.000,- over dei budsjetterte.

I framlegget til vedtak har vi bak linjene sett opp eit nr og ei stjerne, slik 1*. Dett for at kvar einskild endring skal grunngjevast kvar for seg.

Herøy kommune har fått ein del midlar i samband med Koronapandemien. Kommunestyret har allereie vedteke korleis vedlikehaldsmidlane skal fordelast/brukast til.

1*) Møre og Romsdal Fylkeskommune fekk oppgåva med å dele ut midlar som skulle styrke dei kommunale næringsfonda. Herøy kommune fekk tildelt kr 2.018.000,- til dette føremålet og kommunedirektøren rår til at dette vert avsett til næringsfondet og betalt ut til personer/versemdar etter søknad og vedtak.

2*) Regjeringa har sett av 100 millionar totalt i ekstra skjønnsmidlar til flaumførebyggande tiltak. Møre og Romsdal har fått 10 millionar til fordeling. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har på bakgrunn av innspel frå kommunane fordelt kr 430.000,- til Herøy kommune. Herøy spelte inn tre ulike prosjekt og meininga er at desse midlane vert brukt på det av prosjekta som har kome lengst i planlegginga.

3*) Alle kommunane i Norge stengde ned barnehage og SFO ordningane sine i om lag 5 veker våren 2020 grunna Korona. Herøy har kreditert brukarane for denne perioda og i tillegg har ein kreditert brukarane av Kulturskulen på same måte. Staten refunderte tapte inntekter for 4 veker og bestemte samstundes at kommunane fekk ansvar for å dekke opp inntektstapet i dei private barnehagane. Herøy kommune fekk tildelt kr 1.576.000,- og kr 900.000,- av desse vart betalt vidare til dei private barnehagane. Det gjer at Herøy kommune sit att med eit tap på minimum kr 400.000,- på grunn av dette. For å enkle prosessane vel ein i denne omgang og styrke barnehageavdelinga med ei rammeauke på kr 1.576.000,-. Så får evt barnehage og skule gjere ei intern budsjettendring om det er ynskjeleg.

4*) I tillegg til ovannemnde har kommunen fått kr 934.000,- til kompensasjon for redusert formues og inntektsskatt som følge av pandemien. Her vel ein å redusere budsjettert skatteinntekt tilsvarande.

5*) Kommunen har vidare fått kr 790.000,- for utsett overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen, kr 663.000,- i ekstraordinært skjønn frå Fylkesmannen og kr 6.325.000,- som bl.a. var tenkt som kompensasjon for reduserte skatteinntekter som følge av pandemien. I første omgang vel ein å redusere bruk av disposisjonsfond på ansvar 9017 tilsvarande – dvs kr 7.778.000,-. Her kan ein også nemne at skatteinntektene på landsbasis er lavare enn føreset i statsbudsjettet for 2020 noko som gjer at kommunen sitt rammetilskott ser ut til å bli om lag 5,0 mill lavare enn budsjettert gitt at reelle skatteinntekter blir som budsjettert.

I juliutbetalinga av rametilskottet vart det gjort nokre endringa. Det meste av dette vart tillegg som er spesifikt skildra i Grønt Hefte.

6*) Det har skjedd ein auke i basistilskottet til legane med i alt kr 413.000,- for Herøy kommune sin del og grunntilskottet til fastlegane er auka med kr 59.000,-. Dette er midlar kommunen har fått for å dekke meirutbetalingar til legane og har ingen ting med koronapandemien å gjere. Kommunedirektøren rår til at heile summen, kr 472.000,-, går til å styrke ramma til ansvar 3131 Legetenesta.

7*) Gjennom same utbetaling er det ytt kr 50.000,- ekstra til auka tilgjenge i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Vi rår til å auke ramma til ansvar 3121 tilsvarande.

Koronapandemien har ført til store endringar innan finans. Styringsrenta i Norges bank er lav noko som gir lave renter på innskot, men også på lån. Trass i at vi har delar av låneporteføljen bundne opp med fastrenter er det også ein del lån der rentesatsen har blitt redusert – sist ned til 0,22% på eit kortsiktig lån.

8*) Vi vel i første omgang å redusere renteutgiftene med kr 2.800.000,-. Denne reduksjonen brukar vi til å redusere renteinntektene på ordinære bankinnskott med kr 900.000,-, rentekompensasjon frå staten med kr 500.000,- mill kr og resterande, kr 1.400.000,-, går til å redusere budsjetterte renteinntekter frå aktiv forvaltning (obligasjonar etc).

9*) Aksjeutbyttet frå Tussa AS vart høgt i 2020. Sjølv om kommunen budsjetterte med inntekter på kr 6.300.000,- vart utbyttet nær kr 7.100.000,-. Desse meirinntektene på kr 800.000,- vert nytta til å redusere budsjettert bruk av disposisjonsfondet.

10*) Sosialhjelpsbudsjettet er i dag delt på to ansvar. NAV sosial (3811) har eit budsjett på kr 4.700.000,- og Ressurssenteret (2273) i oppvekstavdelinga som har eit budsjett på kr 1.300.000,-. På sistnemnde ansvar er det ikkje utgiftsført slike kostnader i år så kommunedirektøren ynskjer å samle heile budsjettet (kr 6.000.000,-) under ansvar 3811 Nav Sosial. Ved utgangen av august er utgiftene her rekneskapsført til totalt kr 5.500.000,-.

Vurdering og konklusjon:

Koronapandemien og følgene av den har gitt kommunen mange utfordringar. Ikkje minst økonomisk. Fleire avdelingar har fått auka utgiftene sine vesentleg som følge av dette. Først og frøst gjeld dette legetenesten, men også i pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga, grunnskuleavdelinga og reinhaldsavdelinga har hatt og vil få meirkostnader knytt til drifta.

I denne saka vel vi i første omgang og fordele ut «øyremerka» løyvingar og bruke resterande midlar til å redusere bruken av disposisjonsfondet (kr 8.578.000,-). Så må vi etter kvart vurdere om midlar skal flyttast frå dette fondet for å styrke drifta i ei eller fleire av desse avdelingane.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:


Økonomiske konsekvensar: Få konsekvensar med unntak av nokre avdelingar får auka rammene sine.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen
Økonomileiar



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 144/20 | Formannskapet | 14.09.2020 |
| 119/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Økonomisk avslutning av anleggsprosjekt 50170 - Delutbygging av industriområde Eggesbønes (Mowi)

Samandrag:

Anleggsprosjekt 50170 omfattar delutbygging av industriområde Eggesbønes, nærmare bestemt utviding av industriområdet ved Mowi (tidlegare Marine Harvest). Bakgrunnen for prosjektet er ei leigekontrakt mellom grunneigar Herøy kommune og Mowi Norway AS, og finansieringa er på kr. 10 million (ekskl. mva). Arbeidet er ferdigstilt iht. leigekontrakt. Denne saka gjeld økonomisk avslutning av prosjektet.

Formannskapet 14.09.2020:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

F- 144/20 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Prosjektrekneskapet vert godkjent med eit totalforbruk på 8.817.901,- kroner.
2. Mindreforbruket på 1.182.099,- kroner vert tilbakeført til unytta lånemidlar.
3. Mowi Norway AS vert fakturert i høve inngått leigekontrakt.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Prosjektrekneskapet vert godkjent med eit totalforbruk på 8.817.901,- kroner.
2. Mindreforbruket på 1.182.099,- kroner vert tilbakeført til unytta lånemidlar.
3. Mowi Norway AS vert fakturert i høve inngått leigekontrakt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 14.09.2020 - 144/20

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Prosjektrekneskapet vert godkjent med eit totalforbruk på 8.817.901,- kroner.
2. Mindreforbruket på 1.182.099,- kroner vert tilbakeført til unytta lånemidlar.
3. Mowi Norway AS vert fakturert i høve inngått leigekontrakt.

Saksopplysningar:

Formannskapet vedtok i sak 35/18 den 27.2.2018 at ein skulle arbeide for å inngå ein intensjonsavtale med Mowi Norway AS (tidlegare Marine Harvest AS). Siktemålet med intensjonsavtalen var å sikre både utviding og vidareutvikling av industriområdet, slik at Mowi kunne styrkjast med Herøy kommune som base.

Kommunestyret vedtok i sak 44/18 den 19.4.2018 å godkjenne intensjonsavtalen med Mowi, men med ulike revideringar i ordlydane.

Kommunestyret vedtok deretter i sak 60/18 den 24.5.2018 å finansiere prosjektet med 10 million kroner (ekskl. mva) ved bruk av låneopptak.

Etter å ha kjørt tilbuds konkurransen hausten 2018, starta det fysiske grunnarbeidet opp januar 2019. Tidleg i arbeidet møtte ein på store utfordringar, då Mørenett si hovudledning for straumtilførsel til heile ytre Herøy gikk gjennom anleggsområdet, både på land og i sjø. Dette gjorde at mykje av arbeidet meir eller mindre stoppa opp i lengre periodar, i påvente av at Mørenett skulle finne ei løysing, og etablere denne. Dette medførte auka kostnader på prosjektet.

Kommunen har rammeavtale med NCC Industry AS på asfaltarbeid, som asfalterte delar av det utvida industriarealet i desember 2019. Sidan ein ikkje rakk å ta alt før vintersesongen kom, tok asfaltentreprenøren difor restarealet i april 2020. Mowi overtok det nye utvida industriarealet i mai 2020.

Finansiering (tal er ekskl. mva):

| | |
|--------------------|----------------------------|
| K-sak 60/18 | 10.000.000,- kr |
|--------------------|----------------------------|

Rekneskap (tal er ekskl. mva):


| | |
|------------------------|---------------------------|
| Totalt forbruk | 8.817.901,- kr |
| = Mindreforbruk | 1.182.099,- kr |

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet er ferdigstilt og tatt i bruk av Mowi. Ein har eit mindreforbruk i høve finansieringa. Prosjektet kan avsluttast og Kommunedirektøren tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre i saksutgreiinga.

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Eldar Hansen
Prosjektleder anlegg og drift



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|----------------------------------|------------|
| 19/20 | Utval for vilt, fiske og friluft | 20.08.2020 |
| 136/20 | Formannskapet | 01.09.2020 |
| 120/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Godtgjersle til kommunale viltoppgåver

Samandrag:

Kommunen har avtale med ein godkjend ettersøksekvipasje som utfører del av det pliktige arbeidet med handtering av skada og daudt hjortevilt. Arbeidet vert utført i samarbeid med leiaren i Utval for Vilt, fiske og friluft. Administrasjonen tilrår å gi leiaren ei årleg godtgjersle for arbeidet. Kostnadane vert dekt av det kommunale viltfondet.

Formannskapet 01.09.2020:

Behandling:

Sigurd Voldsund Nygard reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er leiar i utval for vilt, fiske og friluft.

Sigurd Voldsund Nygard vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6 1. ledd bokstav a.

Bjarne Kvalsvik (FOLK) kom med slik endring i første avsnitt i tilrådinga frå utval for vilt, fiske og friluft:

"Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert det løyvd ei godtgjersle på kr. 5.000,- per år for å utføre desse oppgaver:

- Bemanne vakttelefon for meldingar frå politiet om vilthendingar.
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ettersøksekvipasjen.
- Rekvirere ettersøksekvipasjen ved behov og hjelpe til i arbeidet med ettersøket.

Stedfortreder får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjytte dei same oppgåvene ved fråvær."

Framlegget frå Bjarne Kvalsvik (FOLK) vart samrøystes vedteke.

F- 136/20 Vedtak:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert det løyvd ei godtgjersle på kr. 5.000,- per år for å utføre desse oppgaver:

- Bemanne vakttelefon for meldingar frå politiet om vilthendingar.
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ettersøksekvipasjen.
- Rekvirere ettersøksekvipasjen ved behov og hjelpe til i arbeidet med ettersøket.

Stedfortreder får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjømte dei same oppgåvene ved fråvær."

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på at godtgjersla må vere i tillegg til godtgjersla for «aktiv innsats/ utrykking» for å ta i vare belastinga med bemanning av vakttelefonen. Dette er ei pålagt kommunal oppgåve som vert teke i vare av leiar og nestleiar i utvalet 24/7 gjennom heile året.

Utval for vilt, fiske og friluft 20.08.2020:

Behandling:

Sigurd Voldsund Nygard (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er leiar i utval for vilt, fiske og friluft og gjekk frå under handsaming av habilitet.

Sigurd Voldsund Nygard (H) vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6 1. ledd bokstav a.

Marvin Kopperstad (KrF) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er nestleiar i utval for vilt, fiske og friluft og gjekk frå under handsaming av habilitet.

Marvin Kopperstad (KrF) vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6 1. ledd bokstav a.

Bente Storvik (H) vart samrøystes vald som setteleiar i saka.

Bente Storvik (H) kom med slikt framlegg:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert det løyvd ei godtgjersle på kr. 5.000,- per år til leiaren i Utval for vilt, fiske og friluft for arbeidet med:

- Bemanne vakttelefon for meldingar frå politiet om vilthendingar.
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ettersøksekvipasjen.
- Rekvirere ettersøksekvipasjen ved behov og hjelpe til i arbeidet med ettersøket.

Nestleiar i utvalet får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjømte dei same oppgåvene ved leiaren sitt fråver eller ved ugildskap.

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på at godtgjersla må vere i tillegg til godtgjersla for «aktiv innsats/ utrykking» for å ta i vare belastinga med bemanning av vakttelefonen. Dette er ei pålagt kommunal oppgåve som vert teke i vare av leiar og nestleiar i utvalet 24/7 gjennom heile året.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VILT- 19/20 Vedtak:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert det løyvd ei godtgjersle på kr.

5.000,- per år til leiaren i Utval for vilt, fiske og friluft for arbeidet med:

- Bemanne vakttelefon for meldingar frå politiet om vilthendingar.
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ettersøksekvipasjen.
- Rekvirere ettersøksekvipasjen ved behov og hjelpe til i arbeidet med ettersøket.

Nestleiar i utvalet får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjømte dei same oppgåvene ved leiaren sitt fråvær eller ved ugildskap.

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på at godtgjersla må vere i tillegg til godtgjersla for «aktiv innsats/ utrykking» for å ta i vare belastinga med bemanning av vakttelefonen. Dette er ei pålagt kommunal oppgåve som vert teke i vare av leiar og nestleiar i utvalet 24/7 gjennom heile året

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert det løyvd ei godtgjersle på kr. 5.000,- per år til leiaren i Utval for vilt, fiske og friluft for arbeidet med:

- Bemanne vakttelefon for meldingar frå politiet om vilthendingar.
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ettersøksekvipasjen.
- Rekvirere ettersøksekvipasjen ved behov og hjelpe til i arbeidet med ettersøket.

Nestleiar i utvalet får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjømte dei same oppgåvene ved leiaren sitt fråvær eller ved ugildskap.

Vilkår:

Godtgjersle frå viltfondet blir avrekna krone for krone mot godtgjersla for «aktiv innsats/ utrykking», og godtgjersla frå viltfondet fell då heilt vekk dersom det i sum blir utbetalt meir enn kr. 5000,- til leiar eller kr. 1000,- til nestleiar i godtgjersle til «aktiv innsats/ utrykking»

Vedtak som innstilling frå Utval for vilt, fiske og friluft - 20.08.2020 - 19/20

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert det løyvd ei godtgjersle på kr. 5.000,- per år til leiaren i Utval for vilt, fiske og friluft for arbeidet med:

- Bemanne vakttelefon for meldingar frå politiet om vilthendingar.
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ettersøksekvipasjen.
- Rekvirere ettersøksekvipasjen ved behov og hjelpe til i arbeidet med ettersøket.

Nestleiar i utvalet får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjømte dei same oppgåvene ved leiaren sitt fråvær eller ved ugildskap.

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på at godtgjersla må vere i tillegg til godtgjersla for «aktiv innsats/ utrykking» for å ta i vare belastinga med bemanning av vakttelefonen. Dette er ei pålagt kommunal oppgåve som vert teke i vare av leiar og nestleiar i utvalet 24/7

gjennom heile året

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 01.09.2020 - 136/20

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert det løyvd ei godtgjersle på kr. 5.000,- per år for å utføre desse oppgaver:

- Bemanne vakttelefon for meldingar frå politiet om vilthendingar.
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ettersøksekvipasjen.
- Rekvirere ettersøksekvipasjen ved behov og hjelpe til i arbeidet med ettersøket.

Stedfortreder får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjømte dei same oppgåvene ved fråvær."

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på at godtgjersla må vere i tillegg til godtgjersla for «aktiv innsats/ utrykking» for å ta i vare belastinga med bemanning av vakttelefonen. Dette er ei pålagt kommunal oppgåve som vert teke i vare av leiar og nestleiar i utvalet 24/7 gjennom heile året.

Saksopplysningar:

Kommunen plikter å ta vare på skada vilt i samsvar med gjeldande lovverk. Herøy kommune hadde avtalar med Herøy ettersøksring v/ Sigurd Nygard frå 2011 og fram til i år. Arbeidet til ettersøksringen vart godtgjort med kr. 20.000,- per år. Tidlegare vart det ført timelister for arbeidet og reiserekning, men i 2017 vart det vedteke ein fast sum per år for å unngå ekstraarbeid med føring og utbetaling etter time- og køyrelister. I praksis var det Sigurd Nygard og Knut Tandberg som delte på oppgåvene.

No er det inngått avtale med Geir Flø om ettersøk av påkøyrt hjortevilt og handtering av vilt. Flø er godkjend ettersøksekvipasje med hunden Bellmann. Kostanden med avtalen og arbeidet er avtalt til kr. 9.000,- per år.

Avtalen med Flø fyller ikkje alle oppgåvene som låg til avtalen med Herøy ettersøksring. Desse oppgåvene er:

- Bemanne vakttelefonen for meldingar frå politiet om vilthendingar
- Handtere vilthendingar der det ikkje er behov for ekvipasjen
- Rekvirere kommunen sin ettersøksekvipasje ved behov og eventuelt hjelpe ekvipasjen i ettersøksarbeidet

I tillegg har Utval for vilt, fiske og friluft ansvaret for ordninga med rapportering av felt dyr undervegs i jakta. Ordninga har vore praktisert i ei årrekkje. Siste reglane for rapportering vart vedteke i sak 17/2012 den 05.07.2012.

Vedtaket er:

Med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst, §37 innfører nemnd for vilt, fiske og friluft følgjande ordning med rapportering og kontroll av felt hjort frå og med jaktseasonen 2012.

- *Felt dyr skal meldast inn seinast 48 timar etter felling.*
- *Hovudet til det felte dyret skal takast vare på inntil 48 timar etter innmelding.*
- *Leiar for jaktlaget rapporterer felt dyr med kjønn og alder, tidpunkt for felling samt kontrollstad. Rapportering av felt dyr skal gå til valdsansvarleg.*
- *Nemnda står for kontroll av felte dyr, og tek kontakt med valdsansvarleg for stikkprøvekontroll.*
- *Kontrollør skal føre nøyaktig logg over alle innmeldingar og alle kontrollar.*
- *For vald som får tildeling etter målretta avskyting må det kontrollerast at valdet har kvote på det felte dyret.*
- *Eventuelle avvik skal meldast til SSL (landbrukskontoret) som i samråd med leiar oversender saka til politiet.*
- *Ordninga gjeld til anna vedtak vert gjort.*

Kontrollordninga er administrert av leiaren i utvalet. Andre medlemmar i utvalet har trått til ved fråvær eller ugildskap. Godtgjersle for arbeidet har i praksis vore del av utbetalinga til Herøy ettersøksring.

Utvalsleiar Sigurd Nygard står i tillegg oppført som kommunen sin kontaktperson for andre melding om hendingar i hjortejakta. Det er i hovudsak meldingar som gjeld hendingar om skadeskyting.

Som grunnlag for å drøfte kva nivå godtgjerslene kan liggje på så må vi sjå på kva inntekter og utgifter vi har frå viltfondet.

INNTEKTER OG UTGIFTER FRÅ VILTFONDET I 2019

| Tekst | Inntekt | Utgift |
|--|-----------------------------|-----------|
| Fellingsavgift alle valde (jakta i 2018) | 28 632,00 | |
| Refusjon fellingsavgift (maks beløp) | | 8 590,00 |
| Infomøte om CWD, samarbeid 4 kommunar | 4200,00 | 5 600,00 |
| Vesthjørt prosjektet (2019 - 2024) | | 11 000,00 |
| Utbetaling for ettersøksavtalane | | 20 000,00 |
| Sum | 32 832,00 | 45 190,00 |
| Underskot | -12 358,00 | |

I oppsettet over her går det fram at det har vore eit overforbruk av fondet med kr. 12.358,- i 2019. Det er difor vesentleg å få til ein betre balanse mellom inntekter og utgifter. Behaldninga på fondet er per 31.12.2019 på kr. 42.650,-.

BUDSJETT FOR 2020

| Tekst | Inntekt | Utgift |
|---|----------------------------|-----------|
| Fellingsavgift alle valde (jakta i 2019) | 25 380,00 | |
| Refusjon fellingsavgift 30% | | 7 614,00 |
| Avtale med ettersøksekvipasje | | 9 000,00 |
| Utbetaling til leiar i utvalet for viltarbeid | | 5 000,00 |
| Utbetaling til medlemmar i utvalet for viltarbeid | | 1 000,00 |
| Vesthjørt prosjektet (2019 - 2024) | | 10 000,00 |
| Sum | 25 380,00 | 32 614,00 |
| Underskot | -7 234,00 | |

Kommentarar til tala:

Inntektene og refusjonen er kjende tal da det fyljer av jaktresultatet i 2019. Kostanden på ettersøksekvipasjen er tilsvarande pris som tidlegare. Viss avvikling av refusjonsordninga vert vedteke så går denne kostanden ut av budsjettet for 2021. Ved å leggje inn godtgjersle på i sum kr. 6.000,- til utvalet vil budsjettet gå i balanse frå og med 2022. Behaldninga på fondet vert då redusert til om lag kr. 35.000,-

Kommunestyret vedtok i sak 111/19 den 26.08.2019 «Leiar og møtegodtgjersle for kommunale ombod i styre, råd og utval 2019 – 2023». Det går det fram i punkt 4 - leiargodtgjersle: «For medlemmer i Vilt, fiske og friluft skal det ved aktiv innsats/ utrykning utbetalast kr. 1500 pr gong.» Denne godtgjersla vert dekt av kommunale midlar.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen tilrår å gi leiaren i utvalet ei godtgjersle på kr. 5.000,- per år for arbeidet med å bemanne vakttelefonen, for viltettersøk utan ettersøksekvipasje og for bistand til ettersøksekvipasjonen ved behov. Nestleiaren i utvalet får ei godtgjersle på kr. 1.000,- per år for å skjøtte dei same oppgåvene ved leiaren sitt fråvær eller ved ugildskap. Desse godtgjerslene bør sjåast i samanheng med kommunen si vedtekne godtgjersle for «aktiv innsats/ utrykning» på kr. 1500 per gong for medlemmene i utvalet.

Kostnaden med oppgåvene var tidlegare kr. 20.000,- per år. Med ny ettersøksavtale og framlegg til satsar over her vert kostnaden kr. 15.000,- per år. Det er naudsynt å ta ned kostnadane grunna overforbruk av midlane på viltfondet.

Etter administrasjonen si vurdering er det ikkje økonomisk handlingsrom for å gi godtgjersle for anna viltarbeid som leiaren eller medlemmane i utvalet utfører.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.


Økonomiske konsekvensar: Vil på sikt føre til ein akseptabel balanse på viltfondet.

Beredskapsmessige konsekvensar: Viss det ikkje vert tatt grep, føre til at pliktige kommunale viltoppgåver må godtgjerast over kommunebudsjettet.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Anne Kathrine Løberg
Avdelingsleiar



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|----------------------------------|------------|
| 20/20 | Utval for vilt, fiske og friluft | 20.08.2020 |
| 137/20 | Formannskapet | 01.09.2020 |
| 121/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Fellingsavgift på hjort frå og med jaktåret 2021/22

Samandrag:

Administrasjonen tilrår å auke fellingsavgifta på hjort til maksimale satsar frå og med jaktåret 2021/22. Deretter skal satsane fylje dei maksimale rammene kvart år. Hensikta er å styrke inntektene til viltfondet.

Formannskapet 01.09.2020:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

F- 137/20 Vedtak:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert fellingsavgifta på hjort fastsett til kr. 261 for kalv og kr. 430 for vakse dyr frå og med jaktåret 2021/22. Deretter skal fellingsavgifta fylje dei maksimale rammene for fellingsavgift som vert fastsett nasjonalt kvart år.

Grunngjeving:

Auken vil vere med på og styrke inntektene til det kommunale viltfondet.

Utval for vilt, fiske og friluft 20.08.2020:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

VILT- 20/20 Vedtak:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert fellingsavgifta på hjort fastsett til kr. 261 for kalv og kr. 430 for vakse dyr frå og med jaktåret 2021/22. Deretter skal fellingsavgifta fylje dei maksimale rammene for fellingsavgift som vert fastsett nasjonalt kvart år.

Grunngjeving:

Auken vil vere med på og styrke inntektene til det kommunale viltfondet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert fellingsavgifta på hjort fastsett til kr. 261 for kalv og kr. 430 for vakse dyr frå og med jaktåret 2021/22. Deretter skal fellingsavgifta fylje dei maksimale rammene for fellingsavgift som vert fastsett nasjonalt kvart år.

Grunngjeving:

Auken vil vere med på og styrke inntektene til det kommunale viltfondet.

Vedtak som innstilling frå Utval for vilt, fiske og friluft - 20.08.2020 - 20/20

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert fellingsavgifta på hjort fastsett til kr. 261 for kalv og kr. 430 for vakse dyr frå og med jaktåret 2021/22. Deretter skal fellingsavgifta fylje dei maksimale rammene for fellingsavgift som vert fastsett nasjonalt kvart år.

Grunngjeving:

Auken vil vere med på og styrke inntektene til det kommunale viltfondet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 01.09.2020 - 137/20

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond vert fellingsavgifta på hjort fastsett til kr. 261 for kalv og kr. 430 for vakse dyr frå og med jaktåret 2021/22. Deretter skal fellingsavgifta fylje dei maksimale rammene for fellingsavgift som vert fastsett nasjonalt kvart år.

Grunngjeving:

Auken vil vere med på og styrke inntektene til det kommunale viltfondet.

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Herøy ga i vedtak i sak 74/01 Nemnd for vilt, fiske og friluft råderett over det kommunale vilffondet. Fellingsavgifta skal fastsettest gjennom kommunen sin ordinære budsjettprosess i kommunestyret. Avgifta er ei av inntektene til fondet.

Fellingsavgifta i Herøy har vore uendra sidan 2015 (vedtak i 2014). Det vert kravd inn

kr. 220,- for kalv og kr. 379,- for vakse dyr som er felt kvart år. Fakturaen for betaling av avgifta vert sendt ut til valdsansvarleg. Dei maksimale rammene for fellingsavgift er fastsett nasjonalt og er på kr. 261,- for kalv og 430,- for vakse dyr for 2020. Reglane for bruken av vilffondet er heimla i *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale vilffond og fellingsavgift for elg og hjort*.

Det har vore eit overforbruk av midlane i vilffondet dei siste åra. Noko av årsaka er ekstraordinære kostnader til etterutdanning av ettersøkspersonell i 2018 og deltaking i Vesthjort prosjektet frå og med 2019 og fram til om med 2024. Behaldninga på fondet er per 31.12.2019 på kr. 42.650,-. I oppsettet under går det fram at det har vore eit overforbruk av fondet med kr. 12.358,- i 2019.

INNTEKTER OG UTGIFTER FRÅ VILFFONDET I 2019

| Tekst | Inntekt | Utgift |
|--|-----------------------------|-----------|
| Fellingsavgift alle valde (jakta i 2018) | 28 632,00 | |
| Refusjon fellingsavgift (maks beløp) | | 8 590,00 |
| Infomøte om CWD, samarbeid 4 kommunar | 4200,00 | 5 600,00 |
| Vesthjort prosjektet (2019 - 2024) | | 11 000,00 |
| Utbetaling for ettersøksavtalane | | 20 000,00 |
| Sum | 32 832,00 | 45 190,00 |
| Underskot | -12 358,00 | |

Ei auke i fellingsavgifta til maksimale satsar vil ut frå fellingstala i 2018 og 2019 utgjere mellom kr. 3.500,- til kr. 4.000,-

| År | Felt kalv | Felt voksen | Avgift kalv | Avgift voksen | Inntekt |
|-------------|-----------|-------------|-------------|---------------|---------|
| Avgift 2018 | 13 | 68 | 220 | 379 | 28 632 |
| Maks avgift | 13 | 68 | 261 | 430 | 32 633 |
| Differanse | | | | | 4 001 |
| Avgift 2019 | 12 | 60 | 220 | 379 | 25 380 |
| Maks avgift | 12 | 60 | 261 | 430 | 28 932 |
| Differanse | | | | | 3 552 |

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen tilrår å styrke inntektene til viltfondet ved å innføre maksimale satsar for fellingsavgift frå og med jaktåret 2021/22. Satsane vert auka med kr. 41,- for kalv og kr. 51,- for vakse dyr. Nye satsar vert då kr. 261,- for kalv og kr. 430,- for vakse dyr. Auken vil utgjere mellom kr. 3.500,- og kr. 4.000,- per år viss fellingstalet vert på same nivå som i 2018 og 2019.

Inntektene vert gjeldane fyrst frå 2022 då fellingsavgifta for 2021 vert innbetalt på etterskot.

For å styrke inntektene til viltfondet i åra framover tilrår administrasjonen i tillegg at fellingsavgifta vert justert kvart år i samsvar med dei maksimale rammene for fellingsavgift som vert fastsett nasjonalt kvart år.

Utvalet for vilt, fiske og friluft skal og handsama sak om å avvikle ordninga med refusjon av 30% av fellingsavgifta. Dette for å redusere kostnadane som kan dekkast med midlane i fondet. Administrasjonen vil tilrå at ordninga vert avvikla.

Utvalet skal i tillegg handsame godtgjerslene til det pålagde arbeidet med viltttersøk som leiar og medlemmer i nemnda må utføre. Administrasjonen vil tilrå at kostandane vert redusert.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.


Økonomiske konsekvensar: Ikkje anna enn privatøkonomiske.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Anne Kathrine Løberg
Avdelingsleiar




Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 122/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Lovlegheitskontroll av K-sak 104/20

Dokumenta i saka blir ettersendt.



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 123/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Fosnavåg hamn - ny handsaming

Samandrag:

Herøy kommune har saman med Kystverket utgreia eit fellesprosjekt for å sikre utdjuping og miljøopprydding i Fosnavåg hamn.

Kommunen er ferdig med utgreiinga og fått tilstrekkeleg avklaringar med grunneigarane knytt til etablering av deponiet i Fosnavåg hamn.

Kommunestyret må no ta stilling til den økonomiske risikoen i prosjektet og om kommunen skal gå vidare med aktuelt deponi. Alternativt så kan kommunestyret søkje departementet om justering av forskoteringsavtalen og deretter vurdere om det kan vere andre deponialternativ i tillegg til Fosnavåg hamn.

Kommunedirektøren si tilråding:

På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet slik det ligg føre.

Kommunen søker departementet om justering av forskoteringsavtalen, opp i mot fastsette tidsfristar og depoinløysing, og utgreier andre deponiløysingar som kan gi tilsvarende nytteeffekt for næringslivet som deponiløysinga i Fosnavåg hamn, med ein føresetnad om å oppnå ei lågare kostnad og/eller lågare økonomisk risiko.

Vedlegg:

Referat frå grunneigarmøte i Fosnavåg hamn
Referat frå grunneigarmøte i Fosnavåg hamn
Spørsmål om dialog knytt til dekking av finansieringsutgifter til Fosnavåg hamn
Fosnavåg hamn - endeleg vedtak om utdjuping og miljøopprydding
Fosnavåg hamn - status og prosjektavklaring (L)(53916)
Tiltaksplan Rambøl 2013 (L)(49541)
Tiltaksplan Rambøl 2015 (L)(49542)
Kommunestyresaka Fosnavåg hamn 310119 (L)(49543)
Søknad om forskoteringsordninga 27. april 2018 (L)(49876)
10214519-RIG-NOT-002 Supplerende vurdering revidert kostnadsoppsett
Fosnavåg hamn - kommunal forskotering 191119 (L)(49545)
Signert avtale om forskottering av prosjekt Fosnavåg fiskerihamn 181219 (L)(49546)
Bindende forhåndsuttalelse – Merverdiavgiftsrettslige forhold ved utbedring av Fosnavåg fiskerihavn i Herøy kommune 220420 (L)(49547)
Fosnavåg hamn - status og prosjektavklaring (L)(53916)
Fosnavåg hamn - Notat setninger og setningstid (L)(57278)
673 - Fosnavåg Havn Mudring og opparbeidelse av strandkantdeponi -2020
Fosnavaag Pelagic (L)(59662)
Spørsmål knytt til dekking av finansieringsutgifter til Fosnavåg hamn
Herøy Høgre, Herøy FrP og Herøy KrF ber med dette om at saka om Fosnavåg hamn vert handsama på nytt
Underskriftskampanje
Vedrørande kommunestyre sak om forskottering av deponi i indre hamn.
Notat
Referat frå møte med Kystverket 14.09.2020

Saksopplysningar:**1. Historikk i saken**

Saka knytt til Fosnavåg hamn er eit delt prosjekt, som er knytt til Kystverket sitt prosjekt om utdjuping av Fosnavåg hamn samt kommunen sitt ønskje om miljøopprydding i hamneområdet.

Kystverket sitt prosjekt ligg inne i Nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2024-29. For å sikre at Kystverket sine prosjekt i NTP vart gjennomført, etter at ansvaret for fiskerihamnene skulle overførast til fylkeskommunen, så etablerte staten ei overgangsordning der kommunane kunne søkje om å få forskotere prosjekta i NTP. Herøy kommune søkte om å forskotere Kystverket sitt prosjekt den 18. april 2018; kommunen fekk lovnad om slike forskoteringsmidlar den 12. juni 2019 og avtale mellom staten og kommunen vart signert den 18. desember 2019.

Utfordringa i denne saka, er at kommunen skal etablere eit deponi i forkant av eigedomar som kommunen ikkje har eigarskap til, og kommunen er såleis avhengig av å sikre eigarskap til kaifronten for å kunne etablere deponiet. Det blir her vist til at dersom kommunen berre sikra ein rett til å etablere deponiet på «anna manns grunn» og ikkje eigarskap, så er det ein risiko for at kommunen ikkje for aktivert investeringa – og følgjeleg må ta kostnaden over driftsbudsjettet.

Kommunen har gjennom dialog med grunneigarane fått ein aksept for at kommunen tek over eigarskapen til kaifronten i indre hamn, dette for å kunne etablere eit deponi og deretter etablere ein ny kaifront eigd av kommunen. Det

einaste som står att er å bli samt om vederlag/kompensasjon for overtakinga av Fosnavaag Pelagic AS sin kaifront – ei tenkt løysing her kan vere at Fosnavaag Pelagic AS gir frå seg eigarskapen til kaifronten mot å få eigarskap til deler av det nye landarealet som blir etablert i indre hamn – det blir lagt til grunn at kommunen vil kome til einigheit om ei slik løysing om overtaking av kaifronten frå Fosnavaag Pelagic AS.

Vidare i saka blir det vist til at Fosnavaag Pelagic AS og kommunen er samde om løysingar som kan sikre drift i anleggsperioden, samt redusere risikoen for driftsstans i anleggsperioden, slik som:

- leggje inn krav i anbodspapira om drift i anleggsperioden
- forsterke indre almenningsskai med kr 1 million til bruk for mottak av fisk
- avklare at båtane kan bakke inn til indre almenningsskai
- Fosnavaag Pelagic AS vil etablere mottak av fisk på indre almenningsskai

Men i tillegg til dette krev Fosnavaag Pelagic AS at kommunen skal garantere for eventuelt økonomisk tap på grunn av driftsstans – dersom det likevel skulle bli driftsstans på grunn mudringsprosjektet. Kommunen kjem truleg ikkje frå dette ansvaret ved å leggje ei slik forplikting inn i anbudsgrunnlaget – idet tilbydarane då må rekne inn eit slikt ansvar i sine anbudsprisar.

2. Oppdatert kostnadsoverslag

Vi vil leggje fram følgjande korrigererte kostnadsoverslag til saka, når saka no kjem opp til ny behandling:

Fosnavåg hamn - kostnader

| | | |
|--|--------------------|--------------------------------|
| Kostnadsoverslag for utdjuving (oppdatert) | 108 500 000 | 1) |
| + miljøopprydding «Slippen» (indeksregulert) | 2 200 000 | |
| + grunnkjøp kaifront indre hamn (takst) | 11 400 000 | 2) |
| + grunnkjøp nausteigedomar (indeksregulert) | 3 800 000 | |
| + bygging av ny kaifront (oppdatert) | 11 000 000 | |
| + drening for setningstid til mindre enn 6 mnd | 2 400 000 | |
| + forbelastning av 1/4 av deponiet | 4 000 000 | |
| + utføresette på kommunen sin del av prosjektet | 3 480 000 | 3) |
| + utgreiingsarbeid 2015-2020 | 1 900 000 | 4) |
| =Totalt før prisstigning og finans | 148 680 000 | |
| + prisstigning med 2,0 % (2020-2023) | 12 111 000 | 5) |
| =Totalt før refusjonar | 165 336 000 | |
| - forskotering frå departementet (2026) | 108 500 000 | |
| - prosjektmidlar frå Miljødirektoratet (2026) | 2 200 000 | |
| =kommunen sin eigendel | 54 636 000 | |
| Driftsutgifter | 2022-2026 | 2026-> |
| + rentekostnad 2,5 % per år | 4 133 400 | 1 359 075 ⁶⁾ |
| + avskrivning | 380 000 | 1 365 900 ⁷⁾ |
| = finanskostnader | 4 513 400 | 2 724 975 |
| - tilskot frå fylkeskommunen å 1/3 av renteutgiftene | 1 377 800 | |
| = finanskostnader | 3 135 600 | 2 724 975 ⁸⁾ |

Ad 1

Kommunen hadde lagt til grunn at «prispostane» i kostnadsoverslaget til Kystverket var «låst», men i møte den 14. september 2020 var det avklart at vi kunne ompostere, men berre innanfor det som Kystverket hadde ansvaret for.

Ad 2

Herøy båtlag har redusert sitt krav med 20 % og med bakgrunn i at Gerh.Voldnes AS har knytt seg til prisen Herøy båtlag oppnådde, så blir kravet til Gerh.Voldnes også redusert med 20 %.

Ad 3

Kommunen sin post for uføresette på 10 % blir redusert, når grunneigarkravet blir redusert.

Ad 4

Økonomileiaren har bemerka at det er påført kostnader på prosjektet i perioden i 2015-2017, samt utgifter i 2019-2020 og totalt utgjør dette kr 1,9 million, noko som fører til ei auke i kostnadsoverslaget

Ad 5

I møte med Kystverket den 14. september 2020 var det anført av Kystverket at perioden for prisstigninga måtte vere for lang, og vi har difor redusert tal på år for prisstigning. Vidare har økonomileiaren til kommunen teke ein ny vurdering av denne posten, og redusert årleg prisstigning frå 2,5 % til 2 %.

Ad 6

Økonomileiaren har i nytt notat justert 40 års stipulert rente frå 0,81 % til 2,5 % per år. Vidare har vi lagt inn eit tilskot frå fylkeskommunen med 1/3 av renteutgiftene, som tilsvarer det som Giske kommune har bedt om blir dekket av fylkeskommunen.

I kostnadsoverslaget blir det stipulert forventa behov for låneopptak på kr 54,6 million, etter at vi har fått refundert forskoteringsmidlane frå staten. Eit slikt låneopptak vil, etter refusjonen frå staten, gi ei auka i årlege driftsutgifter på kr 2,7 million – det blir her vist til at dette er den same som var stipulert i det opphavlege kostnadsoverslaget til saka den 27. august 2020.

Ad 7

Det blir lagt til grunn at vi ikkje får krav om avskrivning av kostnader som ligg til forskoteringsavtalen – eller det som blir dekket av tilskot frå Miljødirektoratet, og det vil seie at vi må avskrive kostnad til grunnkjøp på kr 15,2 million i prosjektperioden – med ei avskrivningstid på 40 år vil dette vere kr 380 000 i året i prosjektperioden 2022-2026 – deretter får vi avskrivning på kommunen sin eigendel frå 2026. Det blir då lagt til grunn at bygging av kai, drenering og forbelastning skjer i 2025.

Ad 8

Det som er utfordringar i dette prosjektet, og som kan påverke driftsbudsjettet, er at det ligg føre store økonomiske risikoar i prosjektet, og dette var oppsummert i kommunestyresaka den 27. august 2020 som risiko knytt til:

- mudringsprisane, når vi må gjennomføre prosjektet i eit bestemt tidsrom
- risiko for at deponiet blir for stort eller at deponiet blir for lite
- økonomiske garantiansvaret opp mot Fosnavaag Pelagic AS

Kommunedirektøren legg til grunn at risikoen for dei to første strekpunkta ligg mellom kr 0 - 25 million kroner, samt ein tilsvarande økonomisk risiko for punkt tre – erstatningsutbetalingar vil gå på drift og ikkje investering.

3. Krav om kommunestyremøte der saka kjem opp på nytt

Kommunedirektøren viser til at 1/3 av kommunestyret har sett fram krav om eit kommunestyremøte der Fosnavåg hamn saka på nytt blir sett på sakskartet – og det blir anført at det var manglande opplysningar i saka samt at kommunen ikkje har teke omsyn til at vi kan søkje om meir tilskot frå Miljødirektoratet – dersom det blir lagt inn ein kommunal eigendel.

Først var det anført som manglande opplysningar at referata frå dei to politiske møta som formannskapet tok initiativ med grunneigaren den 24. august 2020 ikkje var ein del av sakens dokumenter ved behandling av saka i kommunestyret den 27. august 2020.

Kommunedirektøren viser til at sjølv om det var orientert om dette i kommunestyremøte, så er dette no innarbeida i det oppdaterte kostnadsoverslaget, og som hadde betydning for kostandane i saka var:

- Herøy båtlag reduserte i møte den 24. august 2020 sitt krav med kr 2 million, noko som får tilsvarande konsekvens for kravet frå Gerh.Voldnes AS, som blir redusert med kr 0,9 million.
- Fosnavaag Pelagic AS aksepterte i møte den 24. august 2020 om å finne ei løysing/avtale slik Herøy kommune kunne ha eigarskap til kaifront og sikre at kommunen kunne ta utgifta på investering og ikkje på drift.

Referata frå dei politiske møte som formannskapet tok initiativ til med grunneigarane den 24. august 2020 følgjer no som vedlegg til saka.

Vidare var det anført som manglande utgreiing i saka at Herøy kommune ikkje hadde søkt på tilskotsordning frå fylkeskommunen samt at det var meir å hente frå Miljødirektoratets tilskotsordning til miljøopprydding, enn det som var lagt inn i kostnadsoverslaget.

Kommunedirektøren vil vise til at fylkeskommunen ikkje har ei tilskotsordning eller midlar til dekking av renteutgifter til kommunar som har fått tilsagn om forskoteringsmidlar. Det blir her vist til kommunen sitt brev av 24. august 2020, der fylkeskommunen har gitt følgjande svar den 4. september 2020:

«Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til ein dialog med Herøy kommune om finansieringsutgiftene knytt til utdjuvingsprosjektet ved Fosnavåg hamn i regi av vår rolle som næringsutviklar.»

Det blir vist til at sjølv om fylkeskommunen ikkje har løyvd midlar, så har vi lagt til grunn at fylkeskommunen vil dekke 1/3 av renteutgiftene i prosjektperioden, og då som tilskot frå fylkeskommunen.

Når det gjeld tilskot frå Miljødirektoratet, så vil kommunedirektøren vise til at vi gjennom forhandlingar med Kystverket i fjor haust, fekk Kystverket til å ta ansvaret for miljøoppryddinga i randsona mot land – og det einaste som stod i igjen av miljøopprydding som kommunen kunne søkje om tilskot til var utanfor «Slippen».

Når det gjeld området utanfor «Slippen» har kommunedirektøren lagt inn at kostnaden til miljøoppryddinga blir dekkja «krone for krone» mot tilskot frå miljødirektoratet. Vidare er det slik at kommunen skal søkje om tilskot gjennom tilskotsordninga året før tiltaket skal gjennomførast og det vil seie at når vi i avtalen med Kystverket har planlagt oppstart 1. kvartal 2022, så vil det vere den 15. oktober 2021, som er søknadstidspunktet for Herøy kommune sin del.

Det kan sjølvsagt vere andre tiltak som det kan vere aktuelt å søkje om tilskot til, men som ikkje er lagt inn i kostnadsoverslaget – og dette kan til dømes vere aktiv korresjonskydding og overvåking av deponiet. Dette vil kommunen ta i ein dialog med Miljødirektoratet, før vi startar med prosjektering av eit deponi.

4. Kystverkets innspel om å vurdere alternative deponiløysingar

Dersom kommunestyret ikkje ønskjer å gå vidare med den skisserte løysinga med eit deponi i indre hamn, så vurderer kommunen det slik at staten ikkje lenger er bunden av forskoteringsavtalen. Kommunen må då eventuelt sjølv ta kostnaden med å utgreie andre deponialternativ om det er ønskjeleg, og parallelt må kommunen søkje departementet om ein justering av avtalen.

Når det gjeld moglegheitene for ei justering av forskoteringsavtale, så viser kommunedirektøren til at Kystverket den 3. september 2020 inviterte kommunen til ein dialogmøte den 14. september 2020. Til dette møte vurderte kommunedirektøren og ordføraren at det var formålstenleg å invitere gruppeleiarane frå dei partia som ikkje er representert gjennom ordføraren og varaordføraren.

Administrasjonen hadde i forkant av møte bedt Kystverket om ei avklaring knytt til moglegheitene til ompostering på «prispostane» i Kystverket sitt kostnadsoverslag, men utover dette så var det ikkje anna agenda til møte enn at Kystverket hadde eit ønskje om eit møte «der vi går gjennom saken».

Kommunedirektøren viser til referat frå møte, som følgjer som vedlegg, og dei justeringane og avklaringa vi fekk i høve kostnadsoverslaget. Kystverket stadfesta også at dei tok ansvaret for miljøoppryddinga i hamna, med unnatak for området utanfor «Slippen».

Det som var det viktigaste frå møte med Kystverket den 14. september 2020, var at Kystverket tok opp spørsmålet om kommunen kunne vurdere andre deponiløysingar enn det som var utgreia i saka. Dette fordrar at kommunen måtte søkje departementet om justering av avtalen – først opp i mot tidsfristane

som var fastsett og deretter opp i mot eventuelle alternative deponiplasseringar

Vurdering og konklusjon:

Dersom kommunen skal følgje opp forskoteringsavtalen med staten, så må kommunen ta endeleg stilling til saka i kommunestyret – alternativt kan kommunen søkje departementet om utsetting av saka inntil vi har utgreia andre alternative løysingar.

På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så vil ikkje kommunedirektøren innstille på at kommunen går vidare med prosjektet, slik prosjektet no ligg føre. Dette er i samsvar med innstillinga til kommunestyresaka som var til behandling den 27. august 2020.

Kystverket presenterte i møte den 14. september 2020 ei løysing om å få vurdert andre deponiløysingar, som kan gi tilsvarande nytteeffekt for næringslivet som deponiløysinga i indre hamn. Kommunedirektøren vil difor innstille på at kommunen søkjer departementet om justering av forskoteringsavtalen samt parallelt arbeidet med å utgreie alternative deponiløysingar.

I denne samanheng vil kommunedirektøren vise til at eit nytt landareal ved etablering av eit deponi til bruk for næring og industri har ein verdi, som det er viktig å synleggjere – sjølv om det kan vere vanskeleg å setje ein verdi på dette i eit kostnadsoverslag.

Når saka på nytt er utgreia, så vil saka kome opp til ny handsaming med dei ulike alternativ til deponiløysingar, der deponiet i indre hamn vil vere eit av alternativa.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende


Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Kommunen oppnår miljøopprydding i Fosnavåg hamn

Økonomiske konsekvensar: Prosjektet har konsekvensar for kommunen sine driftsutgifter med kr 2,2 million i årlege finanskostnadar etter at kommunen har motteke forskoteringsmidlane frå staten.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 112/20 | Formannskapet | 18.08.2020 |
| 124/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Sluttbehandling - Detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen

Samandrag:

Bakgrunnen for planarbeidet er at Fosnavåg hamn skal utdjupast og mudrast, frå dagens - 6 meter til – 8.3 meter. I samband med mudring av hamna, er det behov for etablering av lokalt deponi for forureina og reine masser.

Detaljregulering for Fosnavåg hamn – Nørvågen skal legge til rette for etablering av massedeponi for forureina masser som del av miljømudringa i Fosnavåg hamn. Planen heng saman med ein tilsvarande plan for Fosnavåg hamn – indre hamn (Planid 201605). Deponeringsmoglegheiter er ein føresetnad for å kunne gjennomføre utdjupingskravet/ønsket frå næringslivet og Herøy kommune for større meir djuptgåande fartøy i hamna.

Saka har vore utlagt til offentleg ettersyn der det kom inn 5 merknadar frå dei regionale instansane. Ingen hadde motsegn til planforslaget og endringane som er gjort er meir av typen presiseringar som ikkje vil utløyse krav om nytt offentleg ettersyn. Saka er såleis klar for slutthandsaming.

Formannskapet 18.08.2020:

Behandling:

Formannskapet kom med felles utsetjingsforslag. Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

F- 112/20 Vedtak:

Saka vart utsatt.

Rådmannen si tilråding:

1. Detaljregulering for Fosnavåg hamn – Nørvågen, Planid 201901, med tilhøyrande reguleringsføresegner blir vedteken.
- 2.
3. Delar av reguleringsplanane Fosnavåg hamn 201263, og Indre Fosnavåg hamn – deponi 201605, som ny detaljregulering for Fosnavåg hamn – Nørvågen 201901, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner, får konsekvensar for, blir oppheva.

Vedlegg:

201901_1_Plankart_Detaljregulering_for_Fosnavåg_Hamn_Nørvågen
201901_2_Føresegner_Detaljregulering_for_Fosnavåg_Hamn_Nørvågen
201901_3_Planomtale_Detaljregulering_for_Fosnavåg_Hamn_Nørvågen
201901_4_606432-01_Konsekvensutgreiing_asplan_viak_18.05.2017
201901_5_ROS_analyse_Detaljregulering_for_Fosnavåg_Hamn_Nørvågen
201901_6_Skredrapport_Nørvågen_Asplan_viak_24.11.2016
201901_7_415161-RIA-RAP-001_Støvvurderinger_reguleringsplan_Fosnavåg_havn_multiconsult_02.02.2012
201901_8_417849-RIGm-RAP-001_miljøgeologisk_undersøking_multiconsult_07.10.2016
201901_9_417849-RIG-RAP-001_geoteknisk_datarapport_multiconsult_06.06.2017
Offentleg ettersyn - merknadssvurdering - Detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen
Vedtak - høyring av planforslag - detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen
Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen gbnr 33/5 mfl - fråsegn ved varsel om oppstart
Uttale - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen - Herøy kommune
Høringsuttalelse - Detaljregulering Fosnavåg hamn - søre del - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke
Uttale til forslag til reguleringsplan for Fosnavåg hamn - Herøy kommune

Saksopplysningar:

Formannskapet vedtok oppstart av reguleringsarbeid for planområdet 12.03.2019, F-sak 41/19. Planforslaget sitt hovudføre mål er å legge til rette for etablering av massedeponi for forureina massar. Planområdet er lokalisert i indre del av Fosnavåg hamn, eit område med lange tradisjonar for industri, fiskeri og sjøfartsnæring.

Planforslaget er fremja som ein offentleg utarbeidd detaljreguleringsplan. Planområdet er omfatta av områdeplan for Fosnavåg hamn (Planid 201263), godkjend 26.03.2015 og Indre Fosnavåg hamn – deponi (Planid 201605). Området er i dag utbygd (med unntak av område for deponi) og består av tidlegare industribygg som no er eigd av Arhaug eiendom, Sævik Invest AS og Herøy båtlag.

Formannskapet vedtok at planforslaget skulle leggest ut til offentleg ettersyn i møte 05.05.2020, sak 58/20. Fristen for merknadar var 19.06.2020 og det kom inn 5 merknadar frå dei regionale instansane.

Desse merknadane er gjort greie for i vedlegg *Offentleg ettersyn – merknadsvurdering – detaljregulering Fosnavåg hamn – Nørvågen*. Det vart ikkje fremja motsegn og saka er såleis klar for slutthandsaming.





Planområdet merka med raud linje.

Oppsummering av kva detaljreguleringa vil omfatte:

- Tilrettelegging for etablering av massedeponi (forureina massar) med tilhøyrande toppdekke.
- Tilrettelegging for etablering av ny næringsbebyggelse
- Etablering av hamn og kai.
- Omsynssoner for skred og stormflod.

Planforslaget





Alle godkjende reguleringsplanar og planforslag for Fosnavåg hamn – Nørvågen sett saman.

Føresegningsområde – Deponi:

Areal for etablering av deponi og tilhørende deponering av forureina og-/ eller reine massar.

BKB1 og BKB2:

Store delar av planområdet vert sett av til føremålet «Kombinert bebyggelse og anleggsmål – Industri/lager/kontor (BKB)». BKB-areala er delt i to, der «BKB1» utgjør nytt industriareal som følgje av deponiet. «BKB2» er dagens industribygg til Arhaug eiendom, Sævik Invest AS og Herøy båtlag. Intensjonen med BKB-områda er å vidareføre dagens bruk av området og tilrettelegging for vidare utvikling av næringslivet i Fosnavåg hamn.

For BKB skal 70% av areala nyttast til næringsretta fiskeriformål.

Kai - o_SK:

SK. Området skal nyttast til etablering av næringskai for fiskeri- og maritim retta verksemd hjå bedrifter i området. Kaia skal ha fast dekke og vere tilpassa og dimensjonert for aktuell aktivitet. Det skal vere tilkomst til kaia over område BKB1 for større kjørety.

Hamneområde i sjø – o_VHS:

VHS. Området merka "VHS" gjeld hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast

ope for fri ferdsel i hamna og ikringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken. Alle tiltak innanfor området skal skje etter løyve frå Kystverket. Det må søkjast om løyve etter hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova..

Konsekvensutgreiing (KU)

Konsekvensutgreiinga er delt i to delar: Anleggsfase og varig situasjon. Tema for KU anleggsfase er naturmangfald, grunntilhøve, støy, støv, lukt og trafikktryggleik. Når det gjeld grunntilhøve viser KU til grunnundersøkingane som er utført av Multiconsult og Rambøll. Det er påvist ein høg konsentrasjon av ei rekke miljøgifter i hamnebasenget som utgjer ein risiko for økosystemet. Når det gjeld støy, konkluderer KU med at den einaste kjelda til grenseoverskridande støy pr i dag er båtrafikk og båtar til land for overnatting. Ein reknar med vesentleg støy frå anleggsbåtar i anleggsperioden. Når det gjeld støv og lukt forureining rapporterast det om at det pr i dag til tider er sjenerande lukt kring hamnebasenget. Luktforureining er venta å bli eit problem under anleggsfasen, men ikkje som ein del av varig situasjon. Når det gjeld trafikktryggleik er det meste av arbeidet venta å gå føre seg på sjøen ved bruk av båt/lekter. Det er venta relativt låg aktivitet på land og langs vegane kring indre hamn.

I del to, varig situasjon, er det særskild endringar i landskapet og risiko for utslepp av mudringsmassar frå ferdige deponi som vert omhandla. Deponiet med tilhøyrande utbygging av industri og kaianlegg utgjer eit tydeleg fysisk inngrep i landskapet i Vågen. Kulturmiljø er eit tema som også vil verte noko råka. Det er vurdert til at deponiet vil endre mønsteret i Vågen, med ei stor/langstrakt rett kailinje som skil seg frå eldre hamner og sjøbuder. Det vert presisert at tiltaket ikkje kjem i direkte konflikt med kulturminner. Andre tema som er teke opp er rasfare og havnivåstigning/stormflo.

Vurdering og konklusjon:

Vurderingar etter Naturmangfaldslova

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Undersøkingar syner at sedimenta i hamnebasenget er forureina av miljøgifter. Jf. Miljødirektoratets portal VannMiljø er økologisk tilstand i Fosnavåg indre hamn antatt moderat pga. utslepp frå punktkjelder samt diffuse utslepp frå urban avrenning. Dette er under utbetring med at utsleppa skal koplust på kommunalt reinseanlegg. Kjemisk tilstand vert vurdert som ikkje god.

Det finst ikkje registreringar av spesielle naturtypar i planområdet eller i indre hamn jf. Miljødirektoratets Naturbase. Viktige naturtypar som nordvendt kystberg og blokkmark er registrert i skråninga sør for planområdet. Artane fiskemåke og ærfugl er observerte i Fosnavåg. Artane har særlig stor forvaltningsinteresse (nær trua - NT). Svartbak, skjærpipelerke og gråtrost er også observert. Desse kjem under kriteria ansvarsartar

§9 Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Mudring og dumping av massar gir risiko for spreining av partiklar og forureining. Det er ein føresetnad at spreingshindrande tiltak blir etablert saman med overvaking. Det er også ein føresetnad at det ikkje skal lekke forureining frå ferdig deponi.

Sterkt forureina sediment skal fjernast frå sjøbotnen. Dersom ein får betre kontroll på utseppa til hamna, vil kvaliteten på vatnet betrast og ein unngår truleg ny sedimentering av forureina massar. Dette er vurdert å gi "stort positivt omfang".

Det vert etablert ei ny, stor flate nord for Fosnavåg Pelagic. Flata vert om lag 9,5 daa og skal avgrensast med kaifront mot nord og aust. Kaifronten mot nord vert om lag 130 m lang. Det er foreløpig uvisst kva deponiflata kan og skal nyttast til på sikt.

Etablering av deponiet reduserer den totale vassflata i indre hamn med 15,5%. Tiltaket vert omfattande i storleik i samanlikning med eksisterande fysiske strukturar elles i området.

Det er ein tradisjon for att-fylling av bukter og viker i Fosnavåg sidan dette har gått føre seg i generasjonar. Likevel rører slike endringar i stor grad ved dei lokale kjerneverdiane i landskapet. Møtet mellom sjø og land er her frå naturens side forma med variasjon og i småskala målestokk. Tilrettelegging for moderne fiskeridrift med lange rette kaier, store flater, store farty og betydeleg reduksjon av indre hamnebasseng, vil vere i utakt med dei naturgitte føresetnadene og redusere opplevingsverdien av hamna som landskapsrom. Konsekvensen er vurdert som "stor negativ" for landskapet.

§11 "Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver"

§12 "Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder"

"For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidlige, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater".

Det framgår av forprosjektet, og seinare hovudprosjektet til Kystverket kva metodar som vert valt for etablering av deponi og val av metode for mudring og dumping av forureina massar.

Rådmannen vurderer planforslaget som godt gjennomarbeida og viktig for vidare drift og utvikling av fiskerinæringa i Fosnavåg og for Fosnavåg som by.

Planforslaget kjem i konflikt med den tradisjonelle og naturgitte utforminga av Vågen, men gir samstundes store gevinstar for næring og miljø. Rådmannen meiner at i denne saka veg omsynet til miljø og eksisterande næring i Fosnavåg tyngre enn omsynet til den naturgitte utforminga av Vågen

Rådmannen rår til at kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn – Nørvågen med føresegner datert 26.06.2020

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stillast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Likestillingsmessige sider ved saka: ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: positiv konsekvens med å få ei rein hamn som også vert meir attraktiv for fritidsbruk, td. kajakkpadling.

Miljøkonsekvensar: positiv konsekvens då ein legg til rette for eit tett deponi for deponering av ureine masser i hamna.

Økonomiske konsekvensar: reguleringsarbeidet vil ikkje ha negative økonomiske konsekvensar.


Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende negative konsekvensar

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende negative konsekvensar

Stad

Olaus-Jon Kopperstad
rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avdelingsleiar utvikling



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 41/20 | Valutvalet | 28.08.2020 |
| 125/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Oppretting og val til felles forliksråd for Herøy, Sande og Vanylven kommune

Samandrag:

Herøy og Sande kommunar har sidan 2008 hatt felles forliksråd, med namnsmannen som sekretariat, lokalisert til Lensmannskontoret for Herøy og Sande. Namnsfogden i Ålesund er fagansvarleg for den sivile rettspleien for heile Møre og Romsdal politidistrikt.

Namnsgogden kjem med tilråding på at Herøy, Sande og Vanylven går saman og danner felles forliksråd frå neste valperiode.

Valutvalet 28.08.2020:

Behandling:

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

VU- 41/20 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

Felles forliksråd for Herøy og Sande vert utvida til å gjelde også Vanylven kommune.

Felles forliksråd for Herøy, Sande og Vanylven trer i kraft frå 01.01.2021.

Leiar vert vald blant dei faste medlemmane i forliksrådet, der Herøy som største kommune får tildelt leiarvervet.

Til Herøy, Sande og Vanylven forliksråd vert desse valde:

Medlem

1. Ann Kathrin (Tine) Storøy (leiar)
- 2.(Sande kommune)
- 3.(Vanylven kommune)

Varamedlem:

1. 1. Olaus Andreassen
2. Ole-Kristoffer Nilsen
- 2.(Sande kommune)

3.(Vanylven kommune)

Møtefullmektig:

1. Torbjørn Hide
2. Oddbjørn Vinjevoll
3. Roar Skoglund

Kommunedirektøren si tilråding:

Felles forliksråd for Herøy og Sande vert utvida til å gjelde også Vanylven kommune.

Felles forliksråd for Herøy, Sande og Vanylven trer i kraft frå 01.01.2021.

Leiar vert vald blant dei faste medlemmane i forliksrådet, der Herøy som største kommune får tildelt leiarvervet.

Til Herøy, Sande og Vanylven forliksråd vert desse valde:

Medlem

- 1.(leiar)
- 2.(Sande kommune)
- 3.(Vanylven kommune)

Varamedlem:

- 1.
- 2.(Sande kommune)
- 3.(Vanylven kommune)

Møtefullmektig:

- 1.
- 2.

Vedtak som innstilling frå Valutvalet - 28.08.2020 - 41/20

Kommunedirektøren si tilråding:

Felles forliksråd for Herøy og Sande vert utvida til å gjelde også Vanylven kommune.

Felles forliksråd for Herøy, Sande og Vanylven trer i kraft frå 01.01.2021.

Leiar vert vald blant dei faste medlemmane i forliksrådet, der Herøy som største kommune får tildelt leiarvervet.

Til Herøy, Sande og Vanylven forliksråd vert desse valde:

Medlem

1. Ann Kathrin (Tine) Storøy (leiar)
- 2.(Sande kommune)
- 3.(Vanylven kommune)

Varamedlem:

1. 1. Olaug Andreassen
2. Ole-Kristoffer Nilsen
- 2.(Sande kommune)
- 3.(Vanylven kommune)

Møtefullmektig:

1. Torbjørn Hide
2. Oddbjørn Vinjevoll
3. Roar Skoglund

Vedlegg:

Domstolloven

Faglig tilråding frå politiet i Møre og Romsdal

Tvistelovsforskriften §3

Saksopplysningar:

Herøy kommunestyre vedtok i 2007 og opprette felles forliksråd med Sande kommune. Sidan den gang har Herøy og Sande forliksråd hatt sekretariat ved namsmannen.

Ny periode for forliksrådet går frå 1.1.21 til 31.12.24, og ein skal innan 15.11.20 velje nye medlemmar.

Saksmengda til Herøy og Sande forliksråd har siste året vore ca 110 kontorsaker og ca 15 oppmøtesaker. Vanylven forliksråd har hatt ca 9 kontorsaker og 1 oppmøtesak, noko som isolert sett vert rekna som for lavt til å ha eige forliksråd.

Namnsfogden i Ålesund er fagansvarleg for den sivile rettspleien for heile Møre og Romsdal politidistrikt. I brev dat. 21.08.20 tilrår Namnsfogden at Vanylven forliksråd vert samanslege med Herøy og Sande forliksråd. Tilrådinga er gjort utifrå eit fagleg og rettsikkerhetsmessig perspektiv.

Herøy kommune sine representantar i Herøy og Sande forliksråd 2020:

Medlem:

1. Ann Katrin (Tine) Storøy (leiar)
2. Oddbjørn Vinjevoll

Varamedlem:

1. Thor Sigmund Garvik
2. Magnar Taklo

Møtefullmektig:

Roar Skoglund

Torbjørn Hide

Knut Tandberg

I Sande kommune er for perioden 2021-2024 desse valde:

Medlem:

1. Elisabeth Kirkholm

Varamedlem:

1. Marion Flatøy Bringsvor

Møtefullmektig:

Arnljot Muren


Merethe Almestad

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommunestyre har ingen innvendingar mot at Vanylven forliksråd vert samanslege med Herøy og Sande forliksråd, med nemning felles forliksråd for Herøy, Sande og Vanylven. Samanslåinga trer i kraft frå 01.01.2021. Ein føresetnad er at Sande og Vanylven kommunestyre gjer liknande vedtak.

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Hilde B. Skinnes
Seniorkonsulent



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 34/20 | Valutvalet | 28.08.2020 |
| 126/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Søknad om fritak frå politiske verv - Geir Myksvoll Lande

Samandrag:

Geir Myksvoll Lande søker fritak frå politiske verv i inneverande valperiode.

Valutvalet 28.08.2020:

Behandling:

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

VU- 34/20 Vedtak:

Geir Myksvoll Lande får fritak frå politiske verv ut perioden.

Varamedlemer i kommunestyret rykker ein plass opp.
Evt. Nytt valoppgjer vert oversendt valstyret.

Ny 3. vara i oppvekstutvalet: Evelina Nikolaeva
Ny 3. vara i utval næring, kultur og idrett: John Berg Nerem

Kommunedirektøren si tilråding:

Geir Myksvoll Lande får fritak frå politiske verv frå og med vedtaksdato.

Varamedlemer i kommunestyret rykker ein plass opp.
Evt. Nytt valoppgjer vert oversendt valstyret.

Varamedlem i oppvekstuvalet vert vald:

Varamedlem i utval for kultur, næring og idrett vert vald:

Vedtak som innstilling frå Valutvalet - 28.08.2020 - 34/20

Geir Myksvoll Lande får fritak frå politiske verv ut perioden.

Varamedlemer i kommunestyret rykker ein plass opp.
Evt. Nytt valoppgjer vert oversendt valstyret.

Ny 3. vara i oppvekstutvalet: Evelina Nikolaeva

Ny 3. vara i utval næring, kultur og idrett: John Berg Nerem

Vedlegg:

Relevante lovar og reglar med henhald til fritak frå folkevalde
Søknad om fritak frå politiske verv

Saksopplysningar:

Geir Myksvoll Lande søker fritak frå politiske verv grunna vekependling til Stranda i samband med ny jobb.

Geir Myksvoll Lande har fylgjande verv:

Varamedlem kommunestyre

Varamedlem oppvekstutvalet

Varamedlem utval for kultur, næring og idrett

Likestillingsmessige sider ved saka: ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: ikkje relevant

Miljøkonsekvensar: ikkje relevant


Økonomiske konsekvensar: ikkje relevant

Beredskapsmessige konsekvensar: ikkje relevant

Konsekvensar for barn og unge: ikkje relevant

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Frode Hammerseth
Avdelingsleiar dokumententer
og politisk sekretariat



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 35/20 | Valutvalet | 28.08.2020 |
| 127/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Søknad om permisjon frå politiske verv - Maria Utseth Stave

Samandrag:

Maria Utseth Stave søker permisjon frå politiske verv frå vedtaksdato til 31.07.2021.

Valutvalet 28.08.2020:

Behandling:

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

VU- 35/20 Vedtak:

Maria Utseth Stave får fritak frå politiske verv til 31.07.2021.

Varamedlemer i kommunestyret rykker ein plass opp.
Evt. Nytt valoppgjer vert oversendt valstyret.

Evelina Nikolaeva rykker opp som medlem og nestleiar i oppvekstutvalet til 31.07.2021.

Camilla Kvalsvik Aksnes vert vald til ny varamedlem i ungdomsrådet til 31.07.2021.

Kommunedirektøren si tilråding:

Maria Utseth Stave får permisjon frå politiske verv frå vedtaksdato til 31.07.2021.

Varamedlemer i kommunestyret rykker ein plass opp.
Evt. Nytt valoppgjer vert oversendt valstyret.

Nestleiar i oppvekstutvalet vert vald frå vedtaksdato til 31.07.2021.

Medlem i oppvekstutvalet vert vald frå vedtaksdato til 31.07.2021:

Varamedlem i oppvekstutvalet vert vald frå vedtaksdato til 31.07.2021:

Varamedlem i ungdomsrådet vert vald frå vedtaksdato til 31.07.2021:

Vedtak som innstilling frå Valutvalet - 28.08.2020 - 35/20
Maria Utseth Stave får fritak frå politiske verv til 31.07.2021.

Varamedlemer i kommunestyret rykker ein plass opp.
Evt. Nytt valoppgjer vert oversendt valstyret.

Evelina Nikolaeva rykker opp som medlem og nestleiar i oppvekstutvalet til
31.07.2021.
Camilla Kvalsvik Aksnes vert vald til ny varamedlem i ungdomsrådet til
31.07.2021.

Vedlegg:

Relevante lovar og reglar med henhald til fritak frå folkevalde
Søknad om fritak frå politiske verv i eitt år

Saksopplysningar:

Maria Utseth Stave er student ved NTNU i Ålesund og søker permisjon frå politiske verv frå vedtaksdato til 31.07.2021.

Maria Utseth Stave har fylgjande verv:

Varamedlem kommunestyre

Nestleiar oppvekstutvalet

Varamedlem ungdomsrådet

Likestillingsmessige sider ved saka: ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: ikkje relevant

Miljøkonsekvensar: ikkje relevant


Økonomiske konsekvensar: ikkje relevant

Beredskapsmessige konsekvensar: ikkje relevant

Konsekvensar for barn og unge: ikkje relevant

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Frode Hammerseth
Avdelingsleiar dokumentcenter
og politisk sekretariat



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 37/20 | Valutvalet | 28.08.2020 |
| 128/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Søknad om fritak som meddomar til lagmannsretten - val av ny meddomar

Samandrag:

Sigrid Monsholm har søkt om fritak som meddommar for lagmannsretten for perioden 2021-2024 grunna helsemessige årsaker.

Valutvalet 28.08.2020:

Behandling:

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

VU- 37/20 Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Sigrid Monsholm får fritak som meddommar for lagmannsretten for perioden 2021-2024 i hht.domstollova § 74.

Ny meddomar til lagmannsretten vert vald: Lene Muren

Rådmannen si tilråding:

Sigrid Monsholm får fritak som meddommar for lagmannsretten for perioden 2021-2024 i hht.domstollova § 74.

Ny meddomar til lagmannsretten vert vald:

Vedtak som innstilling frå Valutvalet - 28.08.2020 - 37/20

Rådmannen si tilråding:

Sigrid Monsholm får fritak som meddommar for lagmannsretten for perioden 2021-2024 i hht.domstollova § 74.

Ny meddomar til lagmannsretten vert vald: Lene Muren


Vedlegg:
Domstolloven

Saksopplysninger:

Sigrid Monsholm har søkt om fritak som meddommar for lagmannsretten for perioden 2021-2024 grunna helsemessige årsaker.

Trond A. Aglen
Kommunedirektør

Hilde B. Skinnes
Seniorkonsulent



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 38/20 | Valutvalet | 28.08.2020 |
| 129/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Søknad om fritak som meddomar til tingretten - val av ny meddomar

Samandrag:

Unn Elise Jøsokbakke har søkt om fritak som meddommar til tingretten for perioden 2021-2024.

Valutvalet 28.08.2020:

Behandling:

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

VU- 38/20 Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Unn Elise Jøsokbakke får fritak som meddommar for perioden 2021-2024.

Ny meddommar til tingretten vert vald: Gro Anette Frøystad Voldsund

Rådmannen si tilråding:

Unn Elise Jøsokbakke får fritak som meddommar for perioden 2021-2024.

Ny meddommar til tingretten vert vald:

Vedtak som innstilling frå Valutvalet - 28.08.2020 - 38/20

Rådmannen si tilråding:

Unn Elise Jøsokbakke får fritak som meddommar for perioden 2021-2024.

Ny meddommar til tingretten vert vald: Gro Anette Frøystad Voldsund

Vedlegg:


Domstolloven
Søknad om fritak

Saksopplysninger:

Unn Elise Jøsokbakke har søkt om fritak som meddommar til tingretten for perioden 2021-2024.

Trond A. Aglen
Kommunedirektør

Hilde B. Skinnes
Seniorkonsulent



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 39/20 | Valutvalet | 28.08.2020 |
| 130/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Søknad om fritak som meddomar til tingretten - val av ny meddomar

Samandrag:

Rakel G. Gjelsvik har søkt om fritak som meddommar for tingretten for perioden 2021-2024. Ho har hatt vervet to perioder tidlegare.

Valutvalet 28.08.2020:

Behandling:

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

VU- 39/20 Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Rakel G. Gjelsvik får fritak som meddommar for tingretten for perioden 2021-2024 i hht.domstollova § 74.

Ny meddomar til tingretten vert vald: Nina Kvamme Slettstøl

Rådmannen si tilråding:

Rakel G. Gjelsvik får fritak som meddommar for tingretten for perioden 2021-2024 i hht.domstollova § 74.

Ny meddomar til tingretten vert vald:

Vedtak som innstilling frå Valutvalet - 28.08.2020 - 39/20

Rådmannen si tilråding:

Rakel G. Gjelsvik får fritak som meddommar for tingretten for perioden 2021-2024 i hht.domstollova § 74.

Ny meddomar til tingretten vert vald: Nina Kvamme Slettstøl

Vedlegg:


Domstolloven

Saksopplysninger:

Rakel G. Gjelsvik søker fritak frå vervet som meddomar i tingretten for perioden 2021-2024. Ho har hatt vervet i to perioder tidlegare.

Trond A. Aglen
Kommunedirektør

Hilde B. Skinnes
Seniorkonsulent



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 40/20 | Valutvalet | 28.08.2020 |
| 131/20 | Kommunestyret | 24.09.2020 |

Val av ny skjønnsmedlem 2021-2024

Samandrag:

Skjønnsmedlem Anne Grete Sætre står ikkje innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen på valdagen ihht. domstollova §70, 4. Valnemnda tilrår Gunnar Odd Jøsokbakke som ny skjønnsmedlem for perioden 2021-2024.

Valutvalet 28.08.2020:

Behandling:

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

VU- 40/20 Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Ny skjønnsmedlem for 2021-2024 vert vald:
Gunnar Odd Jøsokbakke

Rådmannen si tilråding:

Ny skjønnsmedlem for 2021-2024 vert vald:
Gunnar Odd Jøsokbakke

Vedtak som innstilling frå Valutvalet - 28.08.2020 - 40/20

Rådmannen si tilråding:

Ny skjønnsmedlem for 2021-2024 vert vald:
Gunnar Odd Jøsokbakke

Vedlegg:
Domstolloven

Saksopplysningar:

Skjønnsmedlem Anne Grete Sætre står ikkje innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen på valdagen ihht. domstolova §70, 4. Valnemnda tilrår Gunnar Odd Jøsokbakke som ny skjønnsmedlem for perioden 2021-2024.

Trond A. Aglen
Kommunedirektør

Hilde B. Skennes
Seniorkonsulent